


# Rapport frå kartlegging av kyrkjevegane frå Grøndalen i Hemsedal til St. Tomaskyrkja på Filefjell

Ragnar Eltun

Dato: 02.12.2024



Registrerte vegar.



Kyrkjeporten i Grøndalsbøtten.

## Innhald

	Side
1. Samandrag .....	3
2. Innleiing .....	4
3. Måleutstyr og registreringar .....	4
4. Kva kjeldene fortel.....	6
4.1 Nære band mellom Vang og Hemsedal .....	6
4.2 St. Tomaskyrkja og fjellstemna i tradisjon frå Vang og Hemsedal .....	8
4.3 Vegane til kyrkja .....	10
4.4 Klima og snøforhold .....	13
5. Dei kartlagde vegane frå Grøndalen til Kyrkjestølen på Filefjell .....	14
5.1 Veg 1 Kyrkjeporten: Mørkvam – Grøndalsbøtten – Kyrkjeporten – Sulemarkidn – Tysketjedne – Tjedn 1327 ved Sulebu – Kyrkjestølen og tverrsambandet mellom Veg 1 og 2 over Føssegrovmarkidn .....	15
5.2 Veg 2 Føssegrov: Grøndalsbøtten – Føssegrov – Føssegrovtjednet – Steinure – Groven – Høgde 1511 – Tjedn 1327 ved Sulebu .....	38
5.3 Veg 3 Steinurdalen: Steinurdalen – Saltmannvegen aust for Svarteknipa – Tenlefjorden – Gamlestøga – Kyrkjestølen .....	47
6. Kjelder .....	50

### Vedlegg:

- Liste over alle turane (side 53)
- Registrering av varderekkene for Veg 1, 2 og 3 og tverrsambandet mellom Veg 1 og 2 over Føssegrovmarkidn (side 54 - 186)
- Tabell over alle registreringane på kyrkjevegane frå Grøndalen til Kyrkjestølen (side 187 – 193)

Rapporten blir lagra og arkivert i Valdres natur- og kulturpark og hjå Kulturarv seksjonen i Innlandet fylkeskommune.



Ragnar i Kyrkjeporten.

## 1. Samandrag

At sambandslinene mellom bygder og landsdelar har følgd fjellovergangar gjennom alle tider, er gammal og godt dokumentert kunnskap. I gamle dagar var det livsviktig å finne fram over uvegseme fjellvidder anten det var for reise eller næringsverksemd. I åra 2019 – 2024 har me arbeidd med kartlegging av gamle ferdavegar og kulturminne knytt til desse på Filefjell og grensefjella mot aust og vest. I dette arbeidet har varderekker knytt til kyrkjevegane frå Hemsedal til St. Tomaskyrkja på Filefjell dukka opp som spanande grunnlag for vidare gransking. I denne rapporten presenterer me resultatet av desse registreringane og bakgrunnen for trafikken til kyrkja. Registreringsarbeidet er gjort ved at me har målt inn varderekker og andre kulturminne med GPS.

Frå gammalt har det vore nært samband mellom Valdres og Hallingdal og særleg mellom Vang og Hemsedal. Valdres og Hallingdal høyrde til same bispedøme heilt til 1864, fyrst til Stavanger og så Oslo. Administrativt skilde Hallingdal og Valdres lag på 1680-talet. Då fekk me Amts ordninga og Valdres kom i Akershus amt og Hallingdal i Buskeruds amt. Det går eit segn i Hemsedal om at Grøndalen først vart folkesett frå Vang, og Medgarden i Grøndalen skal ha betalt årleg avgift til presten i Vang heilt fram til først på 1800-talet. Dette var med å skape kontakt og knyte slektskapsband mellom bygdene. Som for grannar flest har det jamt over vore eit godt naboskap mellom Hemsedal og Vang, men litt kjekling særleg om fjell- og beiterettar har det vore. Nokre døme er take med her.

Det kyrkjelege fellesskapet og naboskapen elles gjorde truleg at Hallingdal og spesielt Hemsedal fekk eit særleg forhold til St. Tomaskyrkja på Filefjell. Til kyrkja kom det folk frå heile Sør-Norge til messa og folkefesten ved Syftesok, 2. juli. Frå Hallingdal og Numedal samlast messefølgja i Grøndalen og drog i flokk og følgjer over fjellet til Kyrkjestølen. Kyrkja hadde ord på seg for å ha undergjerande kraft og mange drog for å bli helbreda for ulike sjukdommar. Dette kravde at dei ga ei gåve til kyrkja og ho måte vera frå hjarta. Det blir fortalt historier om hallingar som ville spare pengane sine og ikkje trudde nok, og dermed måtte reise heim med uforretta sak....like blinde som då dei kom! Samlingane ved Syftesok var langt frå berre ei messe. Her var det marknad, tevlingar som kappriding, dans og fest. Festane som følgde med stemna gjorde at kyrkja kom i vanry hjå leiande krefter i kyrkja. Trass i stor motstand frå folket og presten i Vang resulterte dette i at kyrkja vart reven i 1808.

I kjeldematerialet er vegane til kyrkja berre omtala i grove trekk, men stor trafikk oppover Grøndalen er omtala av fleire. Bruk av ridehest var vanleg og i følgja var det folk med ymse fysiske skavankar. Dette gjer at vegane måtte vera framkomelege for hest og vanføre folk. Ei særleg utfordring er bratt heng og ur slik som i Kyrkjeporten. Me har argumentert med at det var meir snø den gongen som kunne lette ferda på dei verste plassane.

Me har funne tre vegar som alle fører frå Grøndalen til Kyrkjestølen og St. Tomaskyrkja. Alle desse er omtala i rapporten, som òg har eit vedlegg med bilde og tekst til kvar einskild registrering, i alt 293 vardepunkt. Registreringa av alle vegane startar ved Mørekvam og følgjer Kljådalen opp til Grøndalsbøtten. Turen opp hit fortel om ein dal som ber namnet sitt med rette, ein grøn og frodig dal som ber preg av attgroing etter at stølinga er avvikla, men storfe og sau nyttar enno dei gode beita.

Veg 1 går vidare om Kyrkjeporten – Sulemarkidn – Tysketjedne – Tjedn 1327 ved Sulebu og til Kyrkjestølen. Største utfordringa her er bratt og ulendt terreng i Kyrkjeporten, men her kan det ha legge snø i den tida trafikken var på sitt største på 1600 og 1700-talet då me hadde den vesle istida. Elles er dette ei rimeleg grei lei å gå. Frå Veg 1 går det òg eit tverrsamband til Veg 2 over Føssegrovmarkidn. Noverande DNT-stig følgjer i stor grad den gamle varde-leia utanom vest for Føssegrovttjednet.

Veg 2 går om Føssegrov – austsida av Føssegrovttjednet – Steinure – Groven – Høgde 1511 til Tjedn 1327 ved Sulebu der han går saman med Veg 1. Her er dei største vanskane grov ur søraust ved Føssegrovttjednet.

Veg 3 tek av frå Veg 2 sørvest i Steinure og går om Steinurdalen – Saltmannvegen aust for Svarteknippa – Tenlefjorden – Gamlestøga, Nystøga og endar opp ved Kyrkjestølen med avstikkarar til bygda i Øye. Denne vegen er lenger enn dei to andre, og var truleg mest brukt som ein allmannveg frå Hemsedal til Filefjell og bygdene nørst i Vang. Utanom «hovudvegane» er det nemnt avstikkarar ned Ljøtebøttadn, gjennom Groven og over Gamlestøgofjellet. Alt i alt eit omfattande vegsystem som fortel om stor aktivitet i fjellet før i tida.

## 2. Innleiing

Som øyeværing har eg høyrte mange historier om St. Tomaskyrkja og valfarten dit frå store delar av Sør-Norge, men tenkte ikkje nærare over at det kan finnast spor av denne trafikken før me i 2019, etter inspirasjon frå Temaplan for kulturminne i Vang (Sparstad, 2018) og særleg kapitelet om Saltmannvegen, starta ei systematisk registrering av ferdavegar og kulturminne på Filefjell. Fyrste turen var på ski til Ljøtebøttadn og Steinure fram mot Fossegrovtjednet på vårparten i 2019. Der stak det vardar opp av snøen og ved å følgje desse teikna det seg ganske snart eit mønster av varderekkjer som gjekk meir i sørleg retning enn Saltmannvegen. Vidare leiting på barmark stadfesta at ein her kunne vera på sporet etter kyrkjevegen mellom Hemsedal og St. Tomaskyrkja på Filefjell. Gjennom mange kartleggingsturar av gamle varderekkjer på Filefjell og grenseområda mot Hemsedal fram til hausten 2024, meiner eg å ha spora opp tre alternative vegliner for kyrkjevegen.

Som berre interessert og nysgjerrig fjellkar, er det mange faglege spørsmål ein gjerne vil ha svar på innan arkeologi og kulturhistorie. I den samanhengen har eg hatt eit godt samarbeid med Kulturarvseksjonen i Innlandet fylkeskommune v/arkeologane Espen Finstad og Øystein Rønning Andersen. Espen Finstad har ei sentral rolle i Bre-arkeologi programmet, men har òg vore med på kartlegging av jarnvinneområda i Børrelie, og har arbeidd med kartlegging av ferdelsrutene mellom Lom og Skjåk og vidare mot Sogn. Ein annan sentral samarbeidspart er leiaren for Borlaug Bygdetun, lokalhistorikar Dagfinn Hegg-Lunde, som har arbeidd med kartlegging av Saltmannvegen frå Seltun i Lærdal til grensa mot Innlandet fylke ved Nedre Sulevatnet, og ikkje minst Postvegen over Filefjell. Andre gode samtalepartar har vore Katharina Sparstad i VNK, Tore Hovda i Vang Historielag, Wilhelm Wøllo i Hemsedal Historielag og Nils Block-Hoel i DNT. Lokalkjende Jørand Ødegård Lunde, Sigrid Nystuen, Asgrim Oppdal, Ivar Eltun, Arild Grøndalen og Sylfest Laingen har gitt mykje verdfull informasjon. Arne Eltun har lese korrektur og elles gitt nyttige kommentarar til teksten, og Håvard Jensen har vore god støttespelar på data sida.


Me håpar at det kartleggingsarbeidet som her er presentert vil få fleire interesserte i å oppleva dei gamle kyrkjevegane og den særeigne og spanande kulturhistoria knytt til desse og St. Tomaskyrkja.

## 3. Måleutstyr og registreringar

Dei gamle varderekkene (Kart 1) er leita opp og vardane er registrerte med hjelp av GPS, ein Garmin, Montana 680. Dei er oppgitt med punkt nr. (VP), koordinatar for nord (N) og aust (A) i °, ' og " og høgde over havet i meter. Vardane og varderekkene er ganske lette å skilje frå DNT-wardane og nyare «vill-wardar». Dei består gjerne av enkle markeringsvardar med 1-3 mindre steinar, gjerne plasserte på ein større stein (døme Bilde 13, s. 21). Desse ligg mellom større styringsvardar som gjerne står på framheva punkt i terrenget (døme Bilde 22, s. 27), og i det fjerne kan ein ofte sikte seg inn på fjelltoppar med retningsvardar slik som Storeknippa og Suletinden. Særleg på Veg 1 som i stor grad følgjer ei lei som i dag er merka som DNT- stig, finn ein ei blanding av gamle vardar og nyare DNT-wardar. Vardar som markerer kryss mellom to eller fleire vegar har eg kalla knutepunktvardar.

Karta er laga av Espen Finstad hos Kulturarvseksjonen i Innlandet fylkeskommune. Om ikkje noko anna er nemnt er bilda tekne av forfattaren.





Kart 1. Oversiktskart som syner dei kartlagde rutene frå Grøndalen i Hemsedal i sør aust til Filefjell i Vang i nordvest.

## 4. Kva kjeldene fortel

Vardar, merkesteinar og andre kulturminne på Filefjell syner at det har vore omfattande ferdsel her i uminnelege tider. Det har vore eit nett av reksler til føremål som jakt og fiske, transport av jarn, bytehandel av varer (saltmannveggar), transport av geistlege og offentlege tenestemenn, ymse trafikk mellom bygdelag, støling og reindrift.

Ein særleg plass har kyrkjevegane til St. Tomaskyrkja. Desse kan gå heilt attende til den tida kyrkja vart bygt på 1100-talet, men den største bruken har nok vore i samband med trafikken til messehelgane og fjellstemna ved Syftesok, 2. juli, frå midt på 1600-talet til kyrkja vart reve i 1808.

### 4.1 Nære band mellom Vang og Hemsedal

Vang og Hemsedal er grannekommunar i Valdres i Innlandet fylke og Hallingdal i Buskerud fylke. Frå gamalt, vikingtid og mellomalderen, var Valdres og Hallingdal nær knytte til Vestlandet, og både administrativt og kyrkjeleg styrt derifrå (Lillebrænd, 1972). Begge regionane høyrde fyrst til Bjørgvin bispedøme og frå 1125 - 1631 til Stavanger bispedøme. Deretter kom begge regionane under Oslo bispedøme, men i 1864 skilde dei lag ved at Valdres kom inn under det nye Hamar bispedøme. I 1948 kom Hallingdal under Tunsberg bispedøme som òg vart skilt ut frå Oslo bispedøme. Dette betyr at både Valdres og Hallingdal høyrde til same bispedøme i heile levetida for St. Tomaskyrkja (1100-talet til 1808).

Administrativt skilde Hallingdal og Valdres lag på 1680-talet. Då fekk me Amts ordninga og Valdres kom i Akershus amt og Hallingdal i Buskeruds amt. Amts ordninga varde til 1918 då me fekk fylke med Valdres i Oppland og Hallingdal i Buskerud fylke.

Som ein ser, har det vore sterke administrative og kyrkjelege band mellom Valdres og Hallingdal langt attende i tid, men dette gjeld òg på mange andre område. Her vil me sjå nærare på forholda mellom grannekommunane Vang og Hemsedal. Trafikken til St. Tomaskyrkja gjekk frå heile Hallingdal, men det var i Hemsedal og Vang at vegane samlast og trafikken var størst. Som for grannar flest har det jamt over vore eit godt naboskap, men litt kjekling særleg om fjell- og beirettar har det vore.

Det går eit segn i Hemsedal om at Grøndalen først vart folkesett frå Vang. I Flaten og Ulsaker (1991) fortel dei segnet slik: *«Grøndalen skal først være befolket af en fra Valdres. Denne havde været en Tur indover, kom hjem og fortalte Præsten, at han havde fundet en ven grøn Dal. Da skal den hede Grøndalen sa Præsten. Af Medgaarden i Grøndalen svares endnu Præsterettigheder til Præsten i Vang i Valdres, saa Traditionen medfører vist Sandhed. Det kunde tænkes at Gaardene Tuv og Fauske ogsaa er bebyggd af folk fra Valdres, da de to Gaarde har samme sjeldne Navne.»* I dag høyrer det rart ut at ein gard i Hemsedal skal ha betalt skatt til presten i Vang, men når ein går attende i historia der Vang og Hemsdal hadde nære band reint kyrkjeleg er det meir forståeleg. I følgje Mehlum (1905) har John Wilhelmsen Grøndalen fortalt at den årlege avgifta til vangspresten vart betalt så seint som først på 1800-talet. Kanskje var ho ved lag heilt til Valdres og Hallingdal skilde lag kyrkjeleg i 1864. Alle gardane som er nemnde her ligg i den sørre delen av Grøndalen og Tuv (Kart 2). Dette kan tyde på at dei har kome vegen austanfrå gjennom Hydalen enten frå Vang eller Slidre. Med unntak for eit gravfelt ved Feten frå vikingtid, som kan tyde på busetnad, er det få arkeologiske funn frå denne perioden i Hemsedal som kan forklare den tidlege bureisinga i Grøndalen. Dette kan støtte segnet om bureising frå Valdres (Carlstøm, 1994, etter Hougen).

Fehandlaren John Wihelmsen Grøndalen fortel til Mehlum (1905) om god kontakt med Vang og vangsgjeldingane, der han årleg kjøpte fe og dreiv det til ulike hamnar i Hemsedal liksom Grøndalsbøtten. Han rekna òg slekta si attende til den jegeren som kom frå Vang og slo seg til på Medgarden. Jegeren skal ha kome frå Bagetun i Vang. Midt på 1800-talet var det elles fleire frå Grøndalen som flytta til Valdres og særleg til Heensgardane i Vang. Dei slo seg helst ned som bønder. Truleg var det trøngt om plassen i Grøndalen og gardar til sals i Vang. Til dømes vart Nørsvin selt til Ole Olsson Grøndalen av Knut Gudmunsson Nørsvin etter at Knut og familien flytta til Amerika i 1850 (Tore Hovda, Pers. oppl.). Denne flyttinga har gitt varige slektsband.

Me tek med eit par døme frå krangel om beiterettar. Sørhoy og Snerte (2002) fortel i boka Støl og støsliv i Hemsedal: *«Inne i Klådalen er det tufter etter stølar som skal ha tilhørt valdresar. Klåingane jaga dei heim att*



til Valdres, og etter det reknar ein ikkje med at desse stølane vart brukte. Dette kan ha hendt rundt 1800. Klådalen er kjend som ein svært god hamnedal.» Når ein ser på avstandane og det vanskeleg fjellterrenget mellom nørre delen av Grøndalen og Vang er det ganske uforståeleg at nokon frå Vang har reist dit for å støle, men det har vore mange lange og vanskelege stølsveggar her i landet så det er ikkje heilt umogeleg. Mest truleg er det då folk som hadde stølar i Belgen i Vang som har kome over fjellet og ned Nevreskardet, men det kan òg ha kome bønder frå Øye via Ljøtebøttadn og Grøndalsbøtten eller frå Bøastølane i Skakadalen om Ursdalen til Grøndalsbøtten. Ivar Eltun (Pers. oppl.) fortel at leia frå Skakadalen vert brukt av sau den dag i dag. Kanskje var det òg denne vegen John Wilhelmsen Grøndalen brukte når han dreiv fe frå Vang til felægeret i Grøndalsbøtten. Dei gode beita i Kljådalen må ha vore lokkemiddelet til stølsbrukarane, men grensene hadde dei brote og måtte svi for det.

Den ganske utrulege men sanne historia om Vabakko mannen, Ola Eivindsson Tune, er fortalt av Bøye Kattevold (1943). Midt på 1800-talet slo han seg ned i Vabakko synst i Smådalen på grensa mot Hydalen i Hemsedal (Kart 2). Han drog tømmeret til stova på skikjelke frå Stele i Vang innover Skakadalen, opp bratte fjellsida over Belgjiflænadn og sørover Smådalen til Vabakko. Ein strekning på 3 mil. Så måtte han attende og hente nytt lass. Kor mange lass han drog og kor lang tid det tok seier soga ingenting om. Eit umenneskeleg slit måtte det ha vore, men han fekk opp både stova og hus til krøter. Ei arbeidsam kjerring, Ingebjørg Pedersdotter Bøflaten, flytta inn og etter kvart fekk dei 7 ungar som skulle brødfødst der inne på fjellgården. Utanom det bruket kunne gi til livsopphald var ein avhengig av mat og inntekter frå jakt og fiske. Kanskje var Ola ikkje så nøye med grensene og ein dag kom nokre hallingar på besøk og litt trugande lurde på om han kjende grensa mot Hemsedal. Då tok bråsinne han Ola så dei fekk «reisepass» heimatt. Dette saman med andre omstende gjorde at Ola og familien etter 14 år på Vabakko flytta ned att til bygda i Vang. Murane etter husa på Vabakko ligg der den dag i dag som minne om eit, for oss, uverkeleg liv, men kanskje hadde dei etter dåtida det bra på Vabakko så lenge kreftene held.



Kart 2. Grøndalen i Hemsedal. Kopi frå Norgeskart.no

## 4.2 St. Tomaskyrkja og fjellstemna i tradisjon frå Vang og Hemsedal


Knut Hermundstad har skreive historia om St. Tomaskyrkja (Hermundstad, 1966). Mykje av bakgrunnsstoffet er henta derifrå, men òg frå Hallingdal og Hemsedal si historie (Myre, 1928 og Flaten, 1961 og 1991), der kyrkja har fått brei plass. Sjølv om Hemsedal hadde si eiga stavkyrkje ved garden Kyrkjebøen (Kart 2) som vart reven i 1882 (Davidsen) ser det ut til at både hemsedølar og hallingar elles hadde eit særleg forhold til St. Tomaskyrkja. Dette skuldast kanskje naboskapen, felles kyrkjeleg organisering, den særeigne religiøse krafta ved kyrkja og trongen for sosiale samlingar.

St. Tomaskyrkja vart truleg reist på slutten av 1100-talet som ein sentral samlingsstad for ein fast busetnad på Filefjell. Stort sett er det Smeddalen som er nemnt for fast busetnad. Med den sentrale plasseringa av kyrkja er det likevel grunn til å tru at ho femna heile Filefjell frå Oppdalsstølane i aust til Smeddalen i vest. Hermundstad er samd med Ruge i at folket på Smeddalen/Filefjell hadde tre næringsveggar: «*fedrift, rype- og villreinfangst og jarnblåster*». Desse næringsvegane er representative for det utvida Smeddals-området. Med den kunnskapen me no har veit ein at det var stor jarnproduksjon i heile området (Larsen, 2009). Jakt og fangst er òg godt dokumentert i t. d. Bjørgo m. fl. (1992), Sparstad (2000) og Eltun (2024). Støling og truleg fast busetnad med gardsdrift i jernalderen er dokumentert i granneområdet mot vest, Vikadalen (Bjørgo, 2005). Gardsdrifta på Nystøga frå tidleg 1600- talet fram til ikring 1950, syner òg at det godt kunne vore levelege vilkår for heilårs gardsdrift på Filefjell. I vikingtida og fram mot slutten av 1200-talet var det òg etter måten godt klima. Alt i alt kan det soleis ha vore eit betydeleg folkesetnadsgrunnlag for ein samlingsstad og ei kyrkje.

Den største aktiviteten på jarnvinninga og jarntransporten var truleg før kyrkja kom opp (Larsen, 2009). Kanskje har Kyrkjestølen vore ein sentral møteplass både for religiøse og andre aktivitetar før kyrkja kom. Ofte vart kyrkjene bygde der det tidlegare hadde vore norrøne hov/offerplassar, og det kan godt ha vore tilfelle for St. Tomaskyrkja òg. Både jarnutvinning og jakt treng hell og lukke og underbygger trongen for ein offerplass. I den samanhengen er det verd å merke at like ved kyrkja er det funne eit einegga sverd frå merovingertid, 600 – 800 e. Kr.

Etter Svartedauden i 1349 vart kyrkja liggande aude og ho vart først restaurert og take i bruk att tidleg på 1600-talet. Då vart ho etter kvart ei lovkyrkje (gåvekyrkje) med undergjerande kraft, som samla folk frå store delar av Sør-Norge til messene på Syftesok, 2. juli. Dette var kanskje det største fjellstemne i Sør-Norge, og hadde truleg ein sentral sosial funksjon i bygdesamfunna (Myre, 1928).

Fordi kyrkja var kjent for å vera heilag, der ein kunne bli lekt for ulike typar sjukdommar og kanskje få tilgjeving for syndene sine mot å gje ei gåve til kyrkja i form av t. d. kyrkjeinventar eller pengar, var det mange med ulike sjukdommar og skavankar i stemne-følgja. Det betyr at vegane dit òg måtte vera framkomelege for desse. Bilde 1 gir døme på offergåve frå Hallingdal.



Bilde 1. Altarklede gjeve til St. Tomaskyrkja av Peder Torkjelsson og Anne Båtolvsdotter Kvelprud frå Ål i 1776, for at dei skulle ha hell og lykke med krøtera sine. Foto: Hermundstad, 1966.

Det går mange historier om sjuke folk som var med til messa i håp om å bli friske. Ei av dei som fortel både om trua på kyrkja som heilag, offeret og turen til kyrkja er slik (Myre, 1928): *"På gården Rygg i Hol bodde det for ca. 200 år siden en blind mann som hette Ola. Han blev blind i sin ungdom, men han var en formuende mann og*



lovte å utbetale mange penge til den som kunne bevirke at han fikk sitt syn igjen. En av hans naboer tilrådde han å reise til St. Thomaskirken på Filefjell og love denne kirke en pengesum hvis han fikk sitt syn igjen, ti det er mange som på denne måten er blitt helbredet av forskjellige slags skavanker ved i ærbødighet å reise til denne kirke og love den penge hvis man blir helbredet. Ola Rygg besluttet seg straks til å reise, fikk reisefølge og kom etter flere dagers reise til St. Thomaskirken og lovet denne 100 riksdaler, hvis han fikk sitt syn igjen. Straks fikk han sitt syn og så kirken og alle slags ting likeså nøyaktig som de andre. Han var særdeles vel tilfreds derover, men da sa han at nu passet det ikke for meg å gi denne kirke noen penger, det kan muligens passe bedre siden når jeg har hatt synet en tid. På hjemreisen fra St. Thomaskirken ble han blind igjen som han hadde vært i mange år, og han reiste atter til St. Thomaskirken og lovet da dobbelt så mange penge som han hadde lovet for å få sitt syn igjen, men da hjalp det ikke, han var og ble blind til sin død. Et sådant løfte må absolutt holdes, ti den almektige lar sig ikke spotte». Truleg er det noko sant i denne historia då ein finn Ola Rygg i gåvelistene til kyrkja. Det mest interessante ved historiene om sjuke som kom til kyrkja er i dette skrivet, dei utfordringane reisefølgje måtte ha møtt på vegen. Ei likande historie er attgjeven i Hermundstad (1969): «Borte i Hallingdal levde det for lenge sidan ei kvinne som var svært rik, men blind. Så fekk ho ein dag høyre om den undergjerande krafti, som følgde med St. Tomaskyrkja. Det var noko for henne! Ho òg laut til Tomaskyrkja og få att synet! Ho hyra med seg ei stor gåve, som ho vill gje til kyrkja. Så gav ho seg på veg over Hallingfjellet med følgjet sitt. Då dei kom fram på høgdj, der lendet hallar ned mot Smeddalen, fekk følgjet auga på den heilage kyrkja. Då hende underet: Augo opnast på den blinde kvinna, så mykje ho fekk sjå kyrkja. Då tenkte ho: No kan eg spare gåva mi og fara heimatt. Som tenkt, så gjort. Ho og følgjet hennar snudde på heimveg. Men ho var ikkje komen langt bort på fjellet før ho var like blind. Så snudde ho attende – like til Tomaskyrkja og ofra. Men no var det for seint. Ho var blind og vart so verande.»

Samlingane ved Syftesok var langt frå berre ei messe. Kyrkja romma kanskje berre rundt 100 personar, så det vart få av den store festlyden som hadde messa som hovudmål for turen og samlinga. Her var det marknad, tevlingar som kappriding, dans og fest. Det heiter om stemna: *Der vart mang ein god hest sprengt, mang ein sprek kar dengt og mang ei ven møy krenkt*. Festane som følgde med stemna gjorde at kyrkja kom i vanry hjå leiande geistlege i den norske kyrkja. Trass i stor motstand frå folket og presten i Vang resulterte dette i at kyrkja vart reven i 1808.

Eit sentralt spørsmål med omsyn på ferdsel og gamle vegar i området er om kyrkja òg var ei valfartskyrkje før Svartedauden. Dette veit me ikkje noko om, men kyrkja har i alle fall verdfullt inventar frå mellomalderen, liksom eit relikvieskrin frå rundt 1230 (Bilde 2) og ei antimesal-tavle frå fyrsten av 1300-talet. Dette kan tyde på at kyrkja har vore gjesta av rike personar alt den gongen, og at det har vore ferdsel til kyrkja frå ikring liggande bygder før Svartedauden. Thoresen (2012) fortel om pilegrimar og pilegrimsleier i Hallingdal, og der går det fram at St. Tomaskyrkja i katolsk tid (fram til 1536) truleg var den staden hallingane mest søkte til når dei trong undergjerande hjelp. Då Smeddalen truleg vart avfolka og kyrka vart liggande aude etter Svartedauden var det helst før 1350-talet at St. Tomaskyrkja var eit pilegrimsmål. Ein skal heller ikkje sjå bort frå at Kyrkjestølen var ein marknadsplass alt i tidleg mellomalder og vikingtid (Loftsgarden, 2017). Der kunne det mellom anna vorte handla jarn. Alt dette peikar mot at vegane til kyrkja går langt attende i tid.



Bilde 2. Relikvieskrinet i eik og forgylt koppar frå St. Tomaskyrkja som er frå den tidlege tida for kyrkja, ca.1250. Bilde frå Rolandsgard (2023), Foto: Bergen Museum.

Mange uforklarlege hendingar er knytt til kyrkja og området ikring. I samband med folk si tru på hulder og underjordiske har dette resultert i ei mengd historier og segn (Berg, 1925 og Hermundstad, 1966) om kyrkja som ei huldrekyrkje og Smeddalen som Huldredalen.

Ey (1916) meiner at kyrkja eller ei kyrkjestove, som framleis står, var eit herberge for farande folk over fjellet, ei slag sælestove. I følgje Stilloff (1939) er det ikkje nemnt noko om sælehus ved St. Tomaskyrkja i nokon av reiseberetningane frå dansketida. Dei reisande overnatta på Maristøga og Skogstad. St. Tomaskyrkja har truleg ikkje hatt nokon rolle som offisielt sælehus, men det betyr sjølvstøtt ikkje at ho ikkje hadde ei rolle som kvile- og overnattingsstad for folk som ferdast i fjellet, anten som reisande eller i samband med jakt og andre gjeremål. Ein veit at kyrkja vart tømt for inventar utanom messetidene, og då stod ho open for både to- og firbeinte. Det blir fortalt at før messene måtte kyrkjegolvet mokast for sauelort, og jegerar brukte ho til røyking av reinkjøt! I tillegg til den religiøse funksjonen tente den enkle kyrkja såleis òg ei rolle som opphaldsstad for alle som ferdast i fjellet, men nokon sælestove med overnattingstilbod var ho helst ikkje.

På Kyrkjestølen var det elles berre to steinhus knytte til kyrkja, utanom stølane til Nystøga og Øvre Eltun (frå 1775) på den tida messene og fjellstemna var, så folk overnatta truleg i telt og enkle skjul for vær og vind. Myre (1928) nemner at det vart brukt telt.

### 4.3 Vegane til kyrkja

Det er med vegane til kyrkja som med saltmannvegane, at dei oftast berre er omtala i grove trekk utan detaljerte opplysingar om kvar vegane gjekk i terrenget. Ein vil likevel tru at dei følgde allereie etablerte vegar slike som saltmannvegane der dei fanst. I høg fjellet har elles jegerar hatt sine fangstplassar i uminnelege tider og dei fann dei beste plassane å gå. Hermundstad (1966) skriv òg at somme gamle kalla Tomaskyrkjemessa for Ridarmesse. Dette kan tyde på at mange kom ridande og at vegane til kyrkja var farbare med hest.

Det kyrkjelege og administrative fellesskapet mellom Valdres og Hallingdal ga sikkert grunnlag for betydeleg samkvem og vegliner mellom bygdene. Mange av dei gamle vegane me finn att i dag kan såleis gå attende til denne tida. Ein skal heller ikkje sjå bort frå at vegane frå Grøndalen til Filefjell var salt- og sildemannvegane til Lærdal i tida før det vart farbare vegar nedover Lærdalen på 15-1600-talet. I alle fall kjem dei inn på Saltmannvegen over Filefjell (Eltun og Finstad, 2022) litt aust for der Sulebu ligg i dag (Kap. 5.1).

Til fjellstemna kom det folk, gåande og ridande frå heile Valdres, Hallingdal, Numedal og Sogn, men òg frå Voss, Nordfjord, Gudbrandsdalen og andre meir fjerntliggende strøk. Myre (1928) fortel om vegane frå Hallingdal og Numedal: *«Frå Hallingdal reiste mange til denne kirke og deltok i disse store handelsstevner, og dertil var mange benveier over fjellene. Numedølene hadde sin benvei over Skurdalen og fortsatte den såkalte kirkeveien, som går op nordfor Aslegård der i bygden, og østover åsen til Tufta i Ustedalen, og derfra østover åsen til Hovet, og derfra østover fjellene til Hemsedal, og derfra igjen til St. Thomas-kirken på Filefjell. Således var det i gamle tider benveier over fjellene fra alle kanter til denne kirke».*

I boka om Eivind Fredlaus (Medgard, 1998) blir det fortalt om ein fjellveg gjennom Klype til austenden av Flævatn. Derifrå går det ei kjent lei ned i Lio og austover etter seinare Kongevegen, før det ber over åsen til Fagerset og vidare innover til Grøndalen (Wilhelm Wøllo, Pers. oppl.). Dette kan ha vore ei aktuell rute frå dei øvre bygdene i Hallingdal.

Om ferda og vegane til kyrkja fortel Hermundstad: *«På alle vegar og stigar som førde til Tomaskyrkjemessa, krydde det av fargerike festfølge. Alle stemnefolki hadde teke på seg dei finaste bunadane sine med all den fargerike stasen. Ridetøy var òg av beste slag. Det blenkte og skein i dei finpussa hovudlag, beisel og ridesalar, i sylvsyljor og sylvbelte og i sylvspente skor og sylvknappar i trøyor og vestar. Frå Hallingdal gjekk stemneferdi gjennom Grøndalen og Kyrkjeskaret ved Suletinden til Nystøga eller Kyrkjestølen. Som prov på den store ferdseien fortel Flaten, at endå 100 år etter at kyrkja vart rivi, synte råk etter valfarten. Denne gjekk så langt frå alle stølar, at det ingen bustig var, og gamle folk har høyrte at vegen skriv seg frå valfarten til kyrkja. Lærdølene kom over Filefjell, årdølene gjennom Valdresdalen eller opp Moadalen over Sletterust, om Grøna og*

*Grøneskaret eller gjennom Kyrkjestølsskaret og fram til Tomaskyrkja. Valdrisane kom ridande og gåande frå Vang, Slidre og Aurdalsbygdene».*

I Hermundstad sitt avsnittet om vegen frå Hallingdal er det opplagte feil. Kyrkjeskaret ligg ikkje ved Suletinden, men ved Kyrkjønøse. Skaret mellom Sulefjellet og Suletinden heiter Suleskaret alt på Amtskartet frå 1849. Thorner (1939) brukar òg Suleskaret som namn på dette skaret. Truleg var det folk som kom over Hardangervidda via Breistølen, som kom gjennom Suleskaret. Vegen frå Grøndalen om Kyrkjeporten eller Kyrkjiskaret som hallingane kallar det, til St. Tomaskyrkja har ganske sikkert ikkje gått om Suleskaret. Sjå om vegane i Kap. 5.

I bygdebøkene for Hemsedal finn me to avsnitt om kyrkjevegen til St. Tomaskyrkja. Fauske m. fl.(1996) skriv: *«Den gamle kløvvegen gjennom bygda hadde og vore nytta av pilegrimar som valfarta til St. Thomas-kyrkja på Filefjell. Denne vegen tok av ved Tuv, gjekk oppetter forbi Grøndalen, Mørekvam og Klåen. Aust for Grøndalen lever enno eit namn etter den tid: Kyrkjeskaret.»* I Gjestmoen og Helland (1997) heiter det: *«Kløv- og ridevegane gjennom Hemsedal var og brukte som valfartsveg for folk som skulle til St. Thomaskyrkja på Filefjell. Der vart det halde stor messe og marknad i fyrstninga av juli månad. Folk valfarta gjennom Grøndalen, over Mørekvam, Grøndalsbotnen og gjennom Kyrkjiskaret.»* John Wilhelmsen Grøndalen fortel òg om trafikken til St. Tomaskyrkja gjennom Grøndalen og moglegheiter for fedrift i området (Mehlum, 1905).

Sjølv i dag kan ein finne spor etter den gamle kløv- og ridevegen gjennom Grøndalen. I 2003 fann Bjørn Sjøstad tydelege vegfar og ein hestesko ved brua over Grøndøla ved Feten (vest for Tubba på Kart 2) (Sandvik, 2003). Etter samtale med Wilhelm Wøllo og Arvid Grøndalen synest det elles å vera få hemsedøler som kjenner til den gamle vegen i dag.

Om sjølve ferda og dei vanskane dei måtte ha møtt på vegen med bratte og tronge skar, vanskelege urer, varierende vær og manglande husvære for søvn og kvile, seier kjeldene lite om. Dette er rart då det ikkje berre var unge og spreke folk med på turane, men òg folk med ymse skavankar, liksom blinde og halte. Det einaste eg har funn er hjå Myre (1928) som fortel: *«Til disse store stevner, hadde folk med sig telter å bo i, og dem hadde med sig rikelig med mat og drikke, øl og brennevin».* Det er tydeleg at fram kom dei, og hugen og forventninga om det som venta ved kyrkja vann over strabasane.

Det eldste kartet som fortel noko om gamle vegar i fjellet er Amtskartet Christians Amt frå 1849 (Kart 3). Både kartet og vegane er teikna med svært «grov penn» men gir ein peikepinn om ei lei som kjem opp Grøndalen og vidare om Føssegrov, Steinure og ned mot Tenlefjorden og Otrøvatnet. Den andre leia med særleg interesse her kjem gjennom Suleskaret og går om Nedre Sulevatnet til Otrøvatnet. Ingen av dei går til Kyrkjerstølen og St. Tomaskyrkja, men viser i all fall at det har vore trafikk over fjell i sør mot det sentrale Filefjell området. Elles kan ein legge merke til vegen som går forbi «Gjetningen» Gjeissin som truleg er del av Saltmannvegen over Filefjell, og vegen som kjem opp Rørdalen som var både Postveg, stølsveg og kyrkjeveg. Plasseringa av fjella synest å vera meir tilfeldig til lenger inn i fjella ein kjem. T. d. dekkar «Ljøtebotteggene» heile fjelldraget frå Høgde 1511 aust for Øvre Sulevatnet til Ljøtebøttegge, 1612 m o. h. Det betyr at når Ljøtebøttegge er nemnt i gamle turberetningar fortel det lite om kvar dei har kryssa fjellet over mot Hemsedal. Elles kan ein sjå at området rundt Føssegrovtdjednet er kalla «Fossegrovmarene». I mitt registreringsarbeid har eg kalla området nord for Føssegrovtdjednet for Føssegrovmarkidn. Dette namnet har mykje til felles med Sulemarkidn, ei etter måten grøn, markliknande høgfjellsslette.





Kart 3. Utsnitt av Amtskartet Christians Amt, 1849.

I DNT sine Til fots utgåver finn ein to nemnde ruter mellom Nystøga og Mørkvam. I 1924 utgåva (DNT Til fots, 1924) blir det fortalt om ei lei frå Gamlestøga - etter Tenla opp til Tenlefjorden og vidare sørover forbi Svarteknipa - over Ljøtebøttegge til Fossegrovtjednet. Herifrå er det uklart om dei har gått om Fossegrov eller Kyrkjeskaret, men «Kyrkjeskaret» er nemnt i beskrivinga. Denne leia følgjer i stor grad vegen som ligg inne på Amtskartet (Kart 3) og mine registrerte ruter om Steinurdalen, Kap. 5. 3, og Ljøtebøttadn (Eltun, 2022). Vegen om Steinurdalen kan ha vore ei alternativ lei som kyrkjeveg. I 1935 utgåva (DNT Til fots, 1935) blir det fortalt om ei lei som i stor grad følgjer noverande DNT-stig frå Kljåen til Nystøga: « ... Videre fortsetter sti inn til Grøndalsbotn, bratt opp med elv på venstre h., over elven øverst opp og frem til en gjeterbu ved nordenden av Grøndalsbotnvatn. Bratt opp Fossegråskaret, over elven her, og tvers over en skrå snefonn s,v, for Fossegråtjernet og i uret lende efter vardevei over en stor flate på nordsiden av Sulemarktjern til Tysketjernene. Her på vestsiden av det søndre tjern. Omtrent midtveis mellem Vesle Suletjern og Sulebu møtes vardingene fra Suleskar og Breistølen. Den følges over småbakkete terrenget til platået ovenfor Utrovatn. Her vakker utsikt mot Jotunheimen. På god sti nedover mot vandet og inn på Filefjellsveien, litt vest for Nystua. » Stigen var tydeleg ikkje varda av DNT på denne tida, men følgjer ein «vardevei», som ganske sikkert er Kyrkjevegen. Nils Block-Hoel i DNT fortel (Pers. oppl.) at DNT stigane ofte vart merka av lokale folk og at dei helst følgde tidlegare vegfar der det var slike. Etter dette kan me med ganske stor sikkerheit si at noverande DNT-stig frå Nystøga og Kyrkjestølen til Kljåen i stor grad følgde ei gammal varda rute.

Ein veit ikkje når DNT-stigen frå Kyrkjestølen eller Nystøga til Kljåen fekk T-merke. Som tidlegare nemnt, vart DNT-hytta på Kljåen etablert i 1964. Før det var det eit rom for turistar på Mørkvam (DNT, Til fots, 1935). Jørand Ødegård Lunde fortel (Pers. oppl.) etter Jens Horge (1915 - 2006) som var reinsgjeter i området i sine unge dagar, at gamle merkesteinar vart reve ned eller fjerna der det var fare for at dei skulle føre til forveksling med DNT- stigane og at turistane kom på avvege. Etter dette må leia ha fått T-merke ei gong mellom 1935 og 1964 og mest truleg på 1950-talet.

DNT-hytta Sulebu var bygt i 1976. Før det var det overnattingsmoglegheiter på Nystøga og Kyrkjestølen. Gamle Sulebu, som vart flytta fyrst på 1930-talet, ligg ein snau kilometer sør-aust for DNT-hytta, men var truleg lite brukt av turistar. I alle fall går ikkje varde-vegane innom der (Eltun, 2024). Det var såleis ei lang dagsetappe frå Kyrkjestølen eller Nystøga til Kljåen eller Mørekvam, men det var einaste alternativet for fot-turistane før DNT-hyttene kom om ein ville ha tak over hovudet. Ein vil tru at dette òg gir ein peikepinn om tida for ferda over fjellet til stemna ved St. Thomas-kyrkja. Truleg tok turen ein dag med overnatting/kvile i området Mørekvam-Kljåen før turen over fjellet fram til Kyrkjestølen og kyrkja.

I denne rapporten fortel me om Kyrkjevegane frå Hemsedal, men som me har sett i kjeldegjennomgangen, kom det vegar frå nesten alle himmelretningar fram til kyrkja. Her nemner me nokre av dei andre som er mest kjente. Lærdølene og andre sogningar frå bygdene lenger ute i fjorden, følgde helst Postvegen frå Maristøga til dei kom inn på Kyrkjevegen frå Hemsedal ved Øvre Skavlegiltjednet, eller dei kryssa Sula ved utfallsosen i Nedre Sulevatnet og kom inn på Hemsedal vegen derifrå (Hegg-Lunde, Pers. rapport). Suleskaret vart truleg nytta av folk som kom over Hardangervidda om Breistølen. Årdølene kom opp Moadalen og gjekk om Sletterust, Grøna og Grøneskaret eller gjennom Kyrkjestølskaret ved Kyrkjestølen (Hermundstad, 1966). Eller dei kom frå Nattvik opp Vikadalen og vidare gjennom Valdresdalen til Sluten i Smeddalen (Bjørkum, 1986 og Eltun, R., Pers. observasjonar av merkesteinar). Valdrisane og andre frå det sentrale Austlandet kom opp hovuddalføret frå Vang til Øvre Dalen i Øye og opp til Nystøga (Hermundstad, 1966) eller gjekk frå Nedre Dalen om Rødalen og Tenlefjord før dei kom ned ved Gamlestøga (Eltun, 2023). Eit anna alternativ er at dei følgde Saltmannvegen fjell-leies frå Røn og tok inn på kyrjevegen mot Kyrkjestølen ved Tjedn 1327 på Suleflænadn (Eltun, 2023 og Eltun og Finstad, 2022). Me har ikkje detaljar om kvar gudbrandsdølene gjekk, men frå dei sørre bygdene kom dei helst over Valdresflye om Bygdin, Ole, Steinbusjøen, austre enden av Tyin og vidare om Sletningen fram i Kyrkjestølskaret. Frå dei nørre bygdene i Gudbrandsdalen er det mogleg at dei kom Lustervegen om Skogadalsbøen og Tyin (Hougen, 1939).

#### 4.4 Klima og snøforhold

Frå historisk tid veit ein at det var ei etter måten varm periode her i landet og elles i Norden frå 900 – 1200-talet (vikingtid og mellomalder), medan det var ei kuldeperiode i same område frå 1500-talet til midt på 1800-talet som blir kalla den vesle istida. Dette betyr at trafikken på kyrkjevegane til St. Tomaskyrkja i stor grad fell saman med denne kuldeperioden. Det er berekna at middeltemperaturen fall om lag 1 °C (Wikipedia). I tillegg til temperaturfallet var det òg mykje nedbør noko som førte til at breane vaks. Jostedalsbreen nådde si største utbreiing sidan istida i 1748 og fleire gardar ved brearmane måtte fråflyttast.

Frå vårt område veit me at til dømes Storbreen i Leirdalen i Jotunheimen har krympa mykje dei siste 250 åra (Finstad m. fl., 2011) (Bilde 3). Ut frå dette må me tru at kuldeperioden hadde store konsekvensar i Filefjell traktene òg. Brear og snøfenner vaks og truleg smelta snøen seinare om våren. Ein kan tenke seg ei liknande utvikling for fonna i Kyrkjeporten som for Storbreen. Frå seinare tid fortel tidlegare reinsgjestar i Filefjell Reinlag Sylfest Laingen (Pers. oppl.) at fonna i Kyrkjeporten var mykje større sist på 1970-talet enn i dag, og at snøfennene i fjellet tok til å minke markant etter 1980. Det kan sikkert vera periodiske variasjonar, men mykje tyder på at fjellfolk møtte heilt andre snøforhold på 16- og 1700 talet enn i dag. Dette kan ha hatt store konsekvensar for ferdselsmoglegheitene i fjellet jamført med i dag. I botnar og tronge skar var det meir snø, urar var snødekte og elvane kunne ha snøbruer. Dette gjorde seg mest gjeldande tidleg på sommaren, og det var i den tida trafikken til St. Tomaskyrkja var størst. Ein vil tru at snøen har letta ferdselen. Bruk av hest over brear og fenner var ikkje uvanleg frå gammalt. Espen Finstad og Reidar Marstein har dokumentert dette frå gamle ferdavegar over Sognefjellet. Me har òg døme på ferdsel over fonn/bre i vårt nærrområde. Det går ei varda lei over Storebøttfønne mellom Belgen i Vang og Storebøtten i Hemsedal, der fonna no er i ferd med å smelte bort og vegen står att som meir og mindre uframkomeleg i grov ur (Finstad, 2022).



Bilde 3. Storbreen i Leirdalen i Jotunheimen. Etter at innlandsisen smelta for ca. 10 000 år sidan, hadde breane i Jotunheimen si største utbreiing på 1700-talet, i den vesle istida. Bilde syner at Storbreen i 1750 gjekk over der vegen går no. Finstad m. fl., 2011.

## 5. Dei kartlagde vegane frå Grøndalen til Kyrkjestølen på Filefjell

Dei første spora etter det som etter kvart skulle vise seg å vera ein del av eit etablert vegnett mellom Grøndalen i Hemsedal og Filefjell i Vang kom til syne på ein vårskitur i 2019. Den fyrste varden stakk opp av snøen søraust i Steinure (Bilde 4) og fleire følgde fram mot Føssegrovttjednet på grensa mot Hemsedal. Denne turen og oppdaginga av varderekka kom etter ei samtale med Katharina Sparstad og Jørand Ødegård Lunde om moglege leier for Saltmannvegen over Filefjell. Saltmannvegen har me seinare funne lenger nord på fjellet og han er presentert i Eltun og Finstad (2022). Tanken om at varderekka i Steinure kunne vera ein kyrkjeveg til St. Tomaskyrkja dukka snart opp. Gjennom meir enn 30 turar fram til hausten 2024 (sjå vedlegg) har eg spora opp tre samanhengane varderekkjer mellom Mørkvam i Grøndalen og fram til Kyrkjestølen og St. Tomaskyrkja på Filefjell. Alle tre går samla fram til Grøndalsbøtten. Derifrå går det ei lei vidare om Kyrkjeporten – Sulemarkidn – Tysketjedne – Tjedn 1327 ved Sulebu og fram til Kyrkjestølen (kalla Veg 1 Kyrkjeporten). Den andre (kalla Veg 2 Føssegrov) tek opp Føssegrov frå Grøndalsbøtten og går om Føssegrovttjednet – Steinure - Groven - Høgde 1511 – og fram til Tjedn 1327, der han går saman med Veg 1 fram til Kyrkjestølen. Den tredje (kalla Veg 3 Steinurdalen) følgjer i stor grad den første leia som er kartfesta (Amtskartet, 1849). Ho tek av frå Veg 2 sørvest i Steinure og går om Steinurdalen til Saltmannvegen aust for Svarteknipa. Derifrå kan ein følgje Saltmannvegen fram til Veg 1 og 2 ved Tjedn 1327 ved Sulebu, eller følgje varda lei ned til Tenlefjorden og Gamlstøga og vidare



til Kyrkjestølen (Eltun, 2023). Det er meir usikkert om Veg 3 har vore ein kyrkjeveg, men kanskje meir ein allmannveg mellom Hemsedal og den vestre delen av Vang.

Vidare følgjer ei beskriving av dei tre kartlagde vegane. Detaljar om kvart einskilt vardepunkt er presentert i vedlegget.



Bilde 4. Varden (VP 48) på Veg 2 søraust i Steinure var fyrste registrering på kyrkjevegane. Ein fyrste tanke ved synet: ein varde så langt utanfor allfarveg med så mykje flid og omtanke i seg kan ikkje ligge der tilfeldig!


### **5.1 Veg 1 Kyrkjeporten: Mørekvam – Grøndalsbøtten – Kyrkjeporten – Sulemarkidn – Tysketjedne – Tjedn 1327 ved Sulebu – Kyrkjestølen og tverrsambandet mellom veg 1 og 2 over Fossegrovmarkidn**

Grøndalen (Kart 2) startar om lag der åne frå Vavatnet, Gjuva, møter Grøndøla, ca. 5 km nord for Tuv. Derifrå går Hydalsvegen mot aust opp til Vavatnet og vidare inn i Hydalen som endar ved Øynadn synst i Smådalen i Vang. Ved Feten (nær Tubba på Kart 2), ca. 10 km frå Tuv, deler dalen seg. Bulidalen går mot vest og Mørekvamdalen går nordover. Den indre og trongare dalen, nord for Kljåen, blir kalla Kljådalen. Det går bilveg/bomveg til Mørekvam og privat køyrbar veg derifrå til Kyrkjebønsletto. Frå Kyrkjebønsletto til Kljåen var det kjerreveg den siste tida det vart støla der. No er han kanskje farbar med ATV, og ein fin turveg.

Heile dalen står fram som frodig med næringsrik grunn. Her er det bjørkelier med gode beite og næringsrike myrar i dalbotnen etter Grøndøla. Alle stølane innover dalen frå Mørekvam er nedlagde, men dei mange støls- og slåttevollane står endå fram som grønne lunger i landskapet. Diverre er attgroinga kome langt og etter kvart vil truleg dei gamle støls- og slåttevollane gå attende til naturmark. Det er nok for lengst tilfelle for uteslåttar og stormmyrar som tidlegare vart hausta.

Som alt nemnt, er det funne merke etter den gamle ride- og kløvveg ved Feten ved inngangen til Mørekvamdalen. Me startar registreringa ved Mørekvam (VP 1444). Derifrå følgjer alle dei tre vegane same leia opp til sørenden av Grøndalsbøttvatnet, Kart 4.





Kart 4. Veg 1, 2 og 3 frå Mørekvam gjennom Kljådalen til Grøndalsbøtten.



I boka om stølshistoria i Hemsedal heiter det om Mørekvam (Sørhøy og Snerte, 2002): «Stølseigarane på Mørekvam hadde to stølar kvar, ein på Mørekvam og ein lenger nord på Brendesletto, Skriustøle eller Kyrkjebønsletto, Dei støla først på Mørekvam, så på nordre stølen og så attende på Mørekvam. Dei nordre stølane vart nedlagde kring 1935. Det har vore åtte stølar på Mørekvam – ingen er i bruk i dag.» Den siste stølen, Trøim, var nedlagt på 1980-talet.



Bilde 5. Frå parkeringsplassen på Mørekvam sørover Mørekvamdalen.

Frå Mørekvam og innover til Kyrkjebønsletto, ca. 4 km, er det traktorveg som truleg følgjer ganske i faret etter den gamle støls- og kløvvegen. Rett etter Mørekvam ligg Søtelistølane fint til på vestsida av Grøndøla. Vidare innover forbi Brendesletto og Skriustøle er det frodig bjørkeskog og nokre hus/hytter på dei gamle stølsvollane er enno i bruk som fritidsbustader. Inne ved Kyrkjebønsletto (VP 1449) der stølinga vart nedlagt på 1970-talet er stølshusa take godt vare på, men dei store stølsjorda ligg for fefot.



Bilde 6. Stølen Kyrkjebønsletto med restaurerte hus, frodige nedlagte stølsjorde og friske beitemarker i lia bakanfor.



Vidare innover frå Kyrkjebønsletto til Kljåen, ca. 1,5 km, var der kjerreveg fram til stølinga vart avvikla på 1960-talet. No er det fin turveg oppover langs Grøndøla. Berre eit par hundre meter nord for Kyrkjebønsletto kjem ein til krysset (VP 1450) mot Buaknappen, 1613 m o. h. Buaknappen er tydeleg eit mykje brukt turmål. Herifrå går det DNT-stig opp lia rett aust for Slurpa gjennom Nevreskardet til Nevreskartjednet, 1437 m o. h. Stigen kryssar grensa mot Vang ved Hamarskredtjedne og vidare til Jødtjednet heit nørst i Belgen, over Belgjiflænadn og ned til Bøastølane i Skakadalen. Det er her vangsøkningar kan ha kom over frå Belgen for å støle i Kljådalen (Kap. 4.1).



Bilde 7. Frå krysset mot Nevreskaret med åne Slurpa og Buaknappen, 1613 m o. h., bakanfor.



Bilde 8. Den fine turvegen langs Grøndøla innover mot Kljåen følgjer truleg den gamle kløvvegen/kyrkjevegen.

Snart kjem ein til stølen Kljåen (VP 1453) som ligg litt oppe i lia i høve til den gamle vegen som følgjer Grøndøla. Om stølen Klån (lokalt namn) fortel Sørhøy og Snerte, 2002: «1000 moh. Bufarveg 20-25 km. Alle stølsbrukarane hadde for svært lenge sidan to stølar som låg omtrent inntil kvarandre. Dei nordre stølane vart

*brukte fyrst til dei hadde gjort unna sløtte på dei søre. Det var fire gardar som støla på Klån». Stølane vart nedlagde i perioden 1920 – 1962.*

På Kljåen ligg det ei DNT-hytte som fram til 1962 var stølen til garden Viljugrein på Tuv. Selet på stølen vart selt til DNT då stølinga opphørde. Hytta er i dag utgangspunkt for turar til Sulebu på Filefjell og Bjøberg på Hemsedalsfjellet. Før det vart DNT-hytte her, var det eit rom for turistar på Mørkvam.



Bilde 9. Kljåen stølen i solnedgang, tatt sørover dalen. I tillegg til DNT- hytta (synst på bildet) er det to sel som endå står. Stølsvollane er i ferd med å gro att med brisk og bjørk, men endå grønne grasvollar fortel at dette har vore ein grøderik støl.

Berre nokre hundre meter nord for Kljåen kjem ein til ei grasslette med ei lita steinbu mura inn i bakken med to steinar i front, 1,5 x 1,0 m (VP 1455). Dette kan ha vore ein kvile- og overnattingsplass på vegen med god hamn for hestane. Det er ein god dagsmarsj herifrå til Kyrkestølen, så det er ikkje urimeleg at dette var siste overnattingsplassen før ein tok over fjellet.



Bilde 10. Mogleg kvile- og overnattingsplass nord for Kljåen før ein kjem opp på fjellet.

Vidare innover dukkar det opp gamle merkesteinar, men lende blir meir myrlendt og tråkket er til dels vanskeleg å finne før ein kjem inst i dalen nord for myrane. Kløvvegen går på turrbakke aust for myrane, men



attgroinga gjer det vanskeleg å finne leia. Eg tok her ein beinveg rett over myra, men han er klart ikkje eigna for hestefot. Dei gamle vegane vart lagt utanom myrar som både var tunge å gå i, og kunne vera farlege for hestar og storfe.

Det er på solsida, aust-hellinga, her at det skal finnast tufter etter vangs-stølar (Kap. 4.1). Her er det klart gode beite som sikkert var lokkande folk som mangla god stølshamn.



Bilde 11. I dette område (VP 1459) gjekk den gamle vegen på austsida av myra, men han er vanskeleg å finne i dag. Hardegge, 1593 m o. h., rett i sør er retningsvarde.



Bilde 12. Kljådalen er kjent som ein god hamnedal, og sjølv om stølsdrifta er nedlagt er dalen framleis brukt til beite for storfe og sau. Eg møtte ein flokk med kyr og ungdyr på kvar side av elva inne i dalen.

Nord for myra går vegen opp på austsida av dalen mot Grøndalsbøtten. Her er det tydeleg tråkk og god merking med ei blanding av gamle vardar og nyare DNT-vardar.





Bilde 13. Gamal markeringsvarde på stein rett ved sidan av vegen (VP 1463). Grøndøla kjem ned midt i dalen som ein her ser heilt fram mot Mørekvam.

Nesten oppe lia kryssar ein Tverråne (VP 1466) som kjem frå Bjørnatjednet, 1394 m o. h. Her er det greitt å koma over ved normal vassføring, men det kan vera verre når åne er stor.



Bilde 14. Vegen kryssar Tverråne og ein får auga på fjella bak.

Vidare går vegen på turre rabbar under Bjørnanøse, 1536 m o. h., fram til ein stor styringsvarde/knutepunktvarde på ei høgde søraust i Grøndalsbøtten (VP 1474, Bilde 15). Varden markerer vegskilje mot Kyrkjeporten, Veg 1, eller Føssegrov Veg 2 og 3 (Kart 5). Her måtte messefølgje bestemme seg for kva lei dei skulle ta. Truleg var snøtilhøva i skara avgjerande for valet av rute, og frå varden er det god sikt mot begge skara. Me tek inn på Veg 1 mot Kyrkjeporten som går ned til vadet over Grøndøla ved søre osen i Grøndalsbøttvatnet (Bilde 16). Her er det ganske grunt og fin botn eigna for vading. Eg har ikkje gått leia frå vadet over osen fram til VP 1570 nest i bratthenget i Kyrkjeporten, men ho går på dei grøne slettene på vestsida av vatnet (Bilde 16). Ein kan sjå både merkesteinar og tråkk vidar frå vadet på vestsida av vatnet.






Bilde 15. Fint mura styringsvarde på stor rund stein på søraust sida av Grøndalsbøttvatnet, 1309 m o. h. (VP 1474). Sikt mot Kyrkjeporten med Kyrkjenøse, 1657 m o. h., mot aust og Hardegge, 1595 m o. h., mot vest. Den spisse toppen midt i Kyrkjeporten er òg eit landmerke.



Bilde 16. Nedrast varde ved sørre osen i Grøndalsbøttvatnet. Vadet over Grøndøla som startar her, ligg rett sør for osen. Bildet syner leia fram mot Kyrkjeporten som går på dei grønne slettene vest for vatnet.





Kart 5. Veg 1 (raud strek) frå Grøndalsbøtten til Sulemarktjednet, Veg 2 (grøn strek) frå Grøndalsbøtten til Langetjedne, tverrsambandet mellom Veg 1 og 2 over Føssegrovmarkidn (blå strek) og DNT-stigen frå Sulemarktjednet til sørre osen i Føssegrovttjednet (brun strek).



Det store spørsmålet her er korleis dei kom opp skaret med ride- og kløvhestar og krøter som dei gjerne hadde med til marknaden. I tillegg var det ikkje berre spreke og friske folk som skulle opp, men òg folk med ulike skavankar. I dag går det ei renne på austsida i skaret der ein kan klyve opp (svart line på Bilde 17), men denne er truleg for bratt til at hestar og fe kan koma opp. Ein vil heller ikkje tru at dei hadde spesialtrena hestar for å gå i bratt lende slik som på saltmann- og stølsvegane på Vestlandet. Renna ser heller ikkje ut til å vera brukt av rein. Katharina Sparstad fortel at ho og eit følgje med henne, prøvde å koma opp her med ridehestar for nokre år sidan, men måtte snu - det var for bratt og farleg. Asgrim Opdal i Filefjell Reinlag seier at reinen i liten grad brukar dette skaret på barmark, det er for bratt og utsett for ras.

Ei moglegheit er at det kan ha vore snøfonn i skaret på den tida trafikken var på sitt største på 1600- og 1700-talet. Dette er tida for den vesle istida, då me veit at klimaet var kaldare og brear og snøfenner i fjellet vaks (Kap 4.4). Turane var òg så tidleg på sommaren at det kunne vera mykje snø i fjellet. Kanskje har det lagde ei stor fonn midt i skaret der det var råd å koma opp (blå strek på Bilde 16) med hest og folk. Sylfest Laingen som var reingjetar på 1970-80 -talet, fortel at fonna har minka mykje dei siste 50 åra. Fyrst på sommaren var skaret jamt over snødekt på den tida. Bruk av hest over brear og fenner var elles ikkje uvanleg frå gammalt. Espen Finstad og Reidar Marstein har dokumentert dette frå gamle ferdavegar over Sognefjellet. Det ligg minst eit bøgahi (oppmura skjul for jegerar med pil og boge) på toppen sentralt i skaret. Dette syner at reinen i alle fall har kome opp her frå gammalt, og då truleg på snøføre.



Bilde 17. Moglege vegar opp Kyrkjeporten. Svart strek kan klyvast til fots. Blå strek syner mogleg lei over fonna.



Bilde 18. Nærbilde frå renna på austsida i Kyrkjeporten. Her kan ein klyve opp, men det er ingen spor etter folk eller dyr her i dag. Fonna som no ligg att heilt inn mot fjellet kan ha dekt heile ura, og ein kan ha gått på denne til venstre på bilde. Kanskje markerer steinspiret som er reist opp midt på bildet leia inn mot fonna.



Bilde 19. Utsyn frå toppen av skaret der fonna kan ha kome opp. Rett ved, mot aust, ligg eit bøgahi som syner at dette var eit strategisk punkt for fangst av rein.

Vel oppe kryssar ein fylkesgrensa frå Buskerud til Innlandet. Når ein først kjem hit, er det godt med merkesteinar/steinspir som viser leia både ned mot renna i aust og vidare nordvestover. Vidare mot nordvest er det òg etter måten grei lei å gå på austsida av dei to små tjedna som ligg rett nord for skaret (Kart 5 og Bilde 20). Endå lettare kan det ha vore om ein gjekk på fonna i slukta mellom dei to tjedna.





Bilde 20. Dei oppreiste steinane fremst i bildet (VP 1557) viser leia ned mot skaret frå nord. Ho snor seg fram i ura. I slukta til høgre kan det ha lagge ei fonn som var endå lettare å gå.

Vidare fram mot austenden av Sulemarktjednet passerer ein fleire små tjedn vest for leia. Veggen er etter måten godt merka med markeringsvardar, og det kan koma godt med om ein kjem ut for skodde og dårleg vær slik som på bilde 21 (VP 1536).

Ved det vestre av dei små tjedna vest for vegen vart det registrert eit bøgahi, VP 1537, og kanskje er det fleire i området her. Dette er ei lei som ganske sikkert har vore knytt til jakt og fangst langt attende i tid.



Bilde 21. Markeringsvarde, VP 1536, med to steina på stor steinhelle. Me er her i ein steinørken der det var få orienteringsmoglegheiter utanom vardane før ein fekk kart og kompass.

Skodda lettar og styringsvarden VP 1583 (Bilde 22) og retningsvarden Storeknippa, 1648 m o. h., viser veg mot knutepunktet aust for Sulemarktjednet, VP 1532 (Bilde 23). Det er mykje ur på dette strekket, men ho er godt pakka, nesten som brustein, og lett å gå.





Bilde 22. Styringsvade, VP 1583, som er delvis nedrast på stor firkanta stein med sikt mot Storeknippa (venstre på bildet) og Høgde 1568 nordaust for Føssegrovmarkidn (høgre på bildet).

VP 1532 (Bilde 23) er eit knutepunkt for leia gjennom Kyrkjeporten: eit tverrsamband over Føssegrovmarkidn til Veg 2 (Kap 5. 2), framhald av DNT-stigen til Veg 2 ved sørre osen i Føssegrovtjednet og ei varda lei på vestsida av Sulemarktjednet (Kart 5). Leia på vestsida av Sulemarktjednet er ikkje fullstendig kartlagt og ikkje nærare omtala her.



Bilde 23. Stor mura knutepunktvarde (VP 1532), ca. 1 m høg, på DNT-stigen rett aust for austenden av Sulemarktjednet, 1494 m o. h. Bildet er take sørover leia mot Kyrkjeporten.

Me tek her ein avstikkar til tverrsambandet over Føssegrovmarkidn til styrings- og knutepunktvarde på Veg 2 sør på Høgde 1568, VP 41, og DNT- stigen på vestsida av Føssegrovtjednet til Veg 2 ved sørre osen i Føssegrovtjednet.



Bilde 24 syner heile leia over Føssegrovmarkidn frå sørre enden av Høgde 1568 ved knutepunktvarden på Veg 2 (VP 41) til knutepunktvarden på Veg 1, VP 1532. Leia er godt varda (sjå vedlegg) og går i grensa mellom ura ned mot vatnet og grasbakkane mot Høgde 1568. Fram mot knutepunktvarden VP 1538 er det noko ur, men greitt å ta seg fram. Denne vegen kan ha vore brukt om ein kom opp Føssegrov og skulle vidare på Veg 1, men òg om ein kom om Kyrkjeporten og ville over på Veg 2 med samband mot bygda i Øye eller Gamlestøga, Nystøga og Kyrkjestølen (Kart 6).



Bilde 24. Sikt vestover Føssegrovmarkidn frå VP 1551 som ligg like ved knutepunktvarden VP 41 på Veg 2, til knutepunktvarden VP 1532 på Veg 1 i austenden av Sulemarktjednet.

Bilde 25 syner det meste av leia for DNT-stigen frå austenden av Sulemarktjednet (VP 1532) til utfallsosen i Føssegrovttjednet. Sjå òg bilde 24 som syner leia inn mot knutepunktvarden VP 1532. Stigen går for det meste i ur på vestsida av vatnet og på langs av fonna midt på bilde. Det er lite truleg at eit lende med så mykje ur og bratt helling ned mot vatnet er brukt for ein veg der ein skulle fram med hest, krøter og vanføre folk. Leia er truleg mest brukt av jegerar og seinare av turistar på DNT-stigen.



Bilde 25. Føssegrovttjednet, 1475 m o. h., med DNT-stigen på vestsida sett frå VP 41 sør på Høgde 1568.



Me held fram på Veg 1, som frå Sulemarktjednet fell saman med DNT- stigen til Sulebu (Kart 6).

Bilde 26 syner leia frå Kyrkjeporten inn mot knutepunktvarden VP 1532 ved austenden av Sulemarktjednet. Han går på hitsida av det næraste vatnet. Derifrå fortset Veg 1 vestover Sulemarkidn på nordsida av Sulemarktjednet.




Bilde 26. Utsikt frå nord på Kyrkjønøse. Sulemarktjednet, 1494 m o. h., til høgre på bildet med Sørre Sul, 1676 m o. h., bakanfor. Sørre Sul stupar ned mot det regulerte Sulevatnet, 1413 – 1420 m o. h.. Bakanfor Sørre Sul følgjer Sulefjellet, 1808 m o. h., og Suletinden, 1780 m o. h.

På DNT- stigen som frå knutepunktvarden VP 1532, fell saman med den eldre kyrkjevegen heilt fram til Kyrkjestølen, er det ei blanding av gamle markeringsvardar, gamle vardar som er retta på og nye vardar, men det er ikkje tvil om at DNT-stigen følgjer ei gammal varda lei. Som synt på Bilde 27 er det lettgått og fint terreng vestover Sulemarkidn.



Bilde 27. Varde ved DNT-stigen på Sulemarkidn nord for Sulemarktjednet med Suletinden som retningsvarde. Her er det godt med vardar og fin stig å følgje.





Kart 6. Veg 1 frå Sulemarktjednet til Tjedb 1327 ved Sulebu, Veg 2 frå Føssegrovtjednet til Tjedb 1327 og Veg 3 gjennom Steinurdalen til Saltmannvegen aust for Svarteknipa. Lengst aust går det ei lei forbi Langetjedne og ned Ljøtebøttadn mot Saltmannvegen på Vardhovdflænadn. Gjennom Groven frå Nedre Tysketjednet til Steinurdalen går det òg ei varda reksle.



Frå Tjedn 1493 på Sulemarkidn går vegen i svakt hellande terreng ned mot den sørvestre vika i Øvre Tysketjednet, 1415 m o. h. Me kryssar over åne frå Øvre Tysketjednet ved nordvestenden.



Bilde 28. Sikt søraustover mot Øvre Tysketjednet. Stigen går på vestsida av vika, høgre på bildet, mot Sørre Sul og vidare søraustover på sørsida av tjednet og opp lia mot Tjedn 1493 på Sulemarkidn. Knippenborg, 1740 m o. h., og Høgeloft, 1920 m o. h., lengst bak.

Om lag 1 km nordvest for Øvre Tysketjednet kjem ein ned i Groven som i sør endar ved Nedre Tysketjednet (Bilde 29, Kart 6). Herifrå sørenden av Groven går det ei varda lei nordover gjennom Groven som kryssar Veg 2 ved vass-skilje mot Vardhøvdflænadn (VP 10) og går saman med Veg 3 der Groven møtet Steinurdalen, VP 709. Ruta gjennom Groven er truleg ei lei som i hovudsak har vore i bruk til jakt, fangst og reindrift.



Bilde 29. Frå sørre enden av Groven med sikt mot Nedre Tysketjednet, 1397 m o. h., med Sulefjellet bak.

Vidare frå Groven går Veg 1 på vestsida av Høgde 1511, austsida av Tjedn 1346 og vestsida av Tjedn 1331 før han kjem ned til Saltmannvegen ved Tjedn 1327. Rett aust for stigen ved Tjedn 1346 ligg ein mogleg gammal kvileplass godt i ly mellom to steinar og ein samanrast mur i framkant, VP 55 (Bilde 30). Me er no komne ned i eit frodigare område og er ute av det meir ur-lendte terrenget i Groven og ved Tysketjedne (Bilde 31).



Bilde 30, venstre. Mogleg kvileplass på austsida av Tjedn 1346. Bilde 31, høgre. Sikt mot Tjedn 1346. Stigen går på hitsida av tjednet.

Ved austenden av Tjedn 1327 ved Sulebu ligg en stor mura varde, ca. 80 cm høg, på ein stor rund stein, VP 204. Varden er truleg oppattmura av DNT, men han ligg i krysset der Veg 1 kjem inn på Saltmannvegen frå sør. Veg 2 kjem òg fram hit og følgjer Veg 1 fram til Kyrkjestølen (Kart 7). Forbi varden gjekk òg Reinsbustigen, noverande DNT-stig frå Sulebu til Nystøga (Sigrid Nystuen, Pers. oppl.). Reinsbustigen gjekk truleg fram til Gamle Sulebu ved sørenden av Tjedn 1331 (Eltun, 2024). DNT-stigen og kyrkjevegen gjennom Suleskaret til Breistølen går òg innom her.


I området aust for Tjern 1327 er det eit uvanleg stort sprang mellom vardane på Saltmannvegen. Dette kan skuldast at vi her har fleire DNT-stigar som går sørover frå Sulebu og kryssar Saltmannvegen. Vardar/steinar som kan ha vore missvisande i forhold til desse stigane, kan ha vorte fjerna eller reve ned.



Bilde 32. Knutepunktvarde, VP 204, ved Tjedn 1327 rett sør for noverande Sulebu, som ein ser i bakgrunnen.

Vidare følgjer kyrkjevegane, Veg 1 og 2, Saltmannvegen fram til VP 1435 rett på nordsida av bekken frå Tjedn 1327 som renn ned til Nedre Sulevatnet, 1256 m o. h. Frå VP 1435 som er ein svært karakteristisk maurtuve liknaden morenehaug, tek kyrkjevegen av mot nord frå Saltmannvegen.





Kart 7. Veg 1 og 2 frå Tjedm 1327 ved Sulebu til Kyrkjestølne og Veg 3 frå Vardhøvdflænadn om Tenlefjorden og Gamlestøga til Kyrkjestølne. Kartet syner òg varderekka frå innfallsosen i Nedre Sulevatnet over Gamlestøgfjellet til Gamlestøga.

På ei høgde rett nord for haugen ligg eit vadepunkt (VP 1434) med steinar som har falle ned, eller ei «vernerøys» med steinar i ring rundt ein sentral stein. I følgje Dagfinn Hegg-Lunde (Pers. oppl.) er slike røyser knytt til gammal tru der vern mot usynlege makter var viktig å markere. Kvifor det ligg ei slik røys her er ikkje godt å vite, men med litt fantasi kan det ha samband med den særmerkte haugen, VP 1435, som kan ha vore ein «huldrehaug» med underjordiske beboarar som det var viktig å halde seg inne med!



Bilde 3, venstre. Her ved denne spisse morenehaugen eller isavsetning frå siste istid, ca. 4 m høg og 12 m diameter, tek kyrkjevegen av frå Saltmannvegen. Truleg har det stande ein markeringstein på toppen som har sege ned. Bilde er take mot sør. Bilde 34, høgre. «Vernesteinen», VP 1434.



Den gamle leia for kyrkjevegen og DNT- stigen frå tida før Sulebu vart bygt kjem inn att på den nye veggen til Sulebu ved VP 1442 (Bilde 35). Dei næraste vardane på den gamle veggen ser ut til å vera velta eller fjerna for å hindre at ein tok feil av leia inn mot turisthytta.



Bilde 35. Truleg gammal varde som er mura oppatt på DNT-stigen. Her tek den gamle stigen av mot Saltmannvegen frå den «nye» DNT-stigen fram til Sulebu. Sikt sørover mot Høgde 1511 med Storeknippa lengst bak midt på bildet.

Vegen går vidare nordvestover mot Suleie i lettgått fjellterreng med flott utsikt mot Lærdalsfjell i vest (Bilde 36). Litt aust for VP 1428 kryssar ein leia for ei varda rute som går beinaste leia mellom innfallsosen i Nedre Sulevatnet, 1256 m. o. h., og Gamlestøga (Eltun, 2023). Dette kan ha vore ein beinveg til Postvegen som òg kryssar Sula i innfallsosen til Nedre Sulevatnet, men går i ein boge litt lægre i terrenget fram til Nystøga og Gamlestøga. Elles kan denne veggen ha vore ein snøggveg opp på Saltmannvegen frå Gamlestøga.

Me tek att Postvegen litt lenger framme og både VP 1425, 1424, 1422 og 1421 ligg ved leia til Postvegen mellom Maristøga og Gamlestøga/Nystøga (Dagfinn Hegg-Lunde, Pers. rap.). I dette området nord for Øvre Skavlegiltjednet svingar Postvegen nordaustover mot Nystøga og Gamlestøga. Desse vardane kan såleis òg ha vore merkevardar på Postvegen. Postvegen var òg vinterveg, og den tida han var i bruk, frå 1647 til Kongevegen kom i 1793, var han merka med stavar som viste veg i kvite vinterfjellet.



Bilde 36. Steinen i front er ein gammal markeringsvarde, VP 1428. Sikt vestover mot Nedre Sulevatnet og fjella mot Maristøga.






Bilde 37. VP 1421 som ligg der Postvegen svingar austover mot Nystøga og Gamlestøga. Han går aust for Nedre Skavlegiltjednet midt på bildet.

Øvst i Sulelie får ein det første synet av Smeddalen og her møter ein "framkomststeinen" (VP 1656). Steinen med «kastet» eller «varpet» framfor ligg like nedanfor plassen der ein først får synet av Smeddalen og ein får ei kjensle av å vera framme. Dette har dei gamle vegfarande markert ved å legge ein stein på «kastet». I gammal folketru knyter det seg ofte førestillingar om at det kan gå ein ille om ein ikkje legg etter seg noko på «kastet». For å sikre seg at dei positive forventingane til reisa skulle imøtekomast sikra en seg her med å legge ein stein på «kastet». Det ligg ei ur like i overkant av «kastet» som har gitt lett tilgang til stein.



Bilde 38. Dagfinn Hegg-Lunde ved steinen med «kastet» i framkant. Her ser ein ned mot det «håpefulle landet» Smeddalen med Grønelie og Grøna.





Bilde 39. Det venstre bildet av «kastet» er tatt av Dagfinn Hegg-Lunde for om lag 20 år sidan. Det høgre, Bilde 40, er tatt i dag. Her har attgroinga kome endå lenger og det kan vera vanskeleg å få auga på dette minne no. Bilda er tekne mot sør med sikt til VP 1221 og Suletinden.

Nesten nede ved skoggrensa kjem ein fram til det som kan vera ein ny «vernestein» (VP 1219). På Bilde 41 syner Dagfinn Hegg-Lunde den sentrale varden med fleire (5-6) steinar i ring rundt. Plassen er ikkje tilfeldig. Dette er fyrste staden der synet mot St. Tomaskyrkja opnar seg, feginsbrekka for pilegrimar. Trua på overnaturlige krefter var endå stor på den tida kyrkja var i bruk. Smeddalen vart sett på som ein «huldredal» og mange gamle trudde at det var huldra som hadde bygt kyrkja og hadde ei styrande hand over ho. Slike krefter trong ein vern mot og det vart kanskje markert her. Ein finn òg ein liknande steinring når ein kjem ned i Smeddalen etter Saltmannvegen frå vest.

Kanskje var det her ved synet av kyrkja, at den blinde hallingkvinna fekk att synet sitt og snudde heim at!



Bilde 41. «Vernesteinen». Dagfinn Hegg-Lunde peikar på den sentrale steinen med mindre steinar i ring rundt. Steinane på toppen er av nyare dato. Kyrkjestølen og St. Tomaskyrkja ligg rett bak varden.





Bilde 42. Kyrkjestølen med nye St. Tomaskyrkja under Kyrkjønøse, 1307 m o. h., med Kyrkjestølskaret der det kom ned kyrkjevegar nordfrå. Kyrkjekilane framanfor. Vegen går rundt myrane til høgre på bildet.

Vel nede Sulelie kryssar vegen Kongevegen frå 1793 (VP 1214). Kyrkjevegen som er opphavet til DNT-stigen, har truleg gått ned til den gamle vegen (VP 1443) som går ved myrkanten mot Kyrkjekilane. Han kjem inn att på Kongevegen litt lenger framme, VP 501 (Bilde 43). Herifrå og fram til Kyrkjestølen er det rimeleg å tru at Kongevegen frå 1793 er lagt meir og mindre i leia til dei eldre vegane. Dette er i alle fall ei naturleg turr lei som går på austsida av Kyrkjestølmyrane fram til Kyrkjestølen og St. Tomaskyrkja.



Bilde 42, venstre. Vegen kjem inn til Kongevegen frå sør. Bilde 43, høgre. Den gamle vegen kjem inn att på Kongevegen til venstre på bildet og følgjer denne fram til Kyrkjestølen.

Etter lett gange på Kongevegen og kryssing av E16 kjem ein fram til den nye St. Tomaskyrkja frå 1971 (VP 639) og tufta etter den opphavlege kyrkja (Bilde 44). Den nye klokkestøpulen frå 1974 med dei gamle klokkene, står bak på tomta (Lund, 1999). På minnesteinen står det: «*Her stod Tomas-kirken. Nedrevet 1808*». Utanom minnesteinen er det få fysiske spor att etter kyrkja (Bilde 45). Den nye kyrkja står rett austafør den gamle tomta. Det finst ikkje måleri eller teikningar av kyrkja slik som ho eigentleg såg ut, berre nokre meir og mindre romantiserte skisser.



Som Bilde 45 gir ein peikepinn om, var det eit ganske ope landskap med berre nokre få hus, som møtte messe-folket når dei kom fram. Presten i Vang og bygdefolket i Øye stod for ei viss organisering av messe-helga ved Syftesok 2. juli, men elles var det nok messe-følgjet sjølv som sytte for «underhaldinga» dei kom for: gudsord, offer til kyrkja med tru og von om å få att helsa og tilgjeving for synder, fest og moro og kanskje ein god handel.



Bilde 44. Tufta etter St. Tomaskyrkja med minnesteinen og klokkestøpulen til venstre, og den nye kyrkja til høgre.



Bilde 45. St. Tomaskyrkjetomta truleg frå sist på 1800-talet. Som ein ser var det lite att av kyrkjemuren og andre steinsettingar alt då, men steinselet til Nystøga stod enno. Steinen og materialane frå kyrkja vart brukt til ulike byggverk i området. Frå Thorner, 1939: Foto Wilse.



## 5.2 Veg 2 Føssegrov: Grøndalsbøtten – Føssegrov – Føssegrovstjednet – Steinurde – Groven – Høgde 1511 – Tjeden 1327 ved Sulebu

Veg 2 tek av frå Veg 1 ved knutepunktvarden VP 1474 ved sørenden av Grøndalsbøttvatnet (Kart 5, side 23). Herifrå er det sikt over leia på austsida av Grøndalsbøttvatnet og heilt fram til Føssegrov skaret mellom Kyrkjønøse i vest og Høgde 1571 og Skøddetinden, 1669 m o. h., i aust. Alt her kan ein sjå at leia opp Føssegrov er lettare enn vegen gjennom Kyrkjeporten (Bilde 46).

Me går DNT-stigen opp til Føssegrovstjednet som ganske sikkert følgjer i faret etter kyrkjevegen. Det er lettgått og fint lende heile vegen på austsida av Grøndalsbøttvatnet bort til innfallsosen i nordaust enden av vatnet, og godt med ei blanding av gamle vardar og gamle som er oppfriska av turistforeininga. Det er grøn og frisk høg fjellsvegetasjon heile vegen rundt vatnet, så det er lett å skjønne at Grøndalsbøtten har vore brukt som krøtterbeite og felæger. I dag er det sau og rein som gjer seg nytte av dei gode beita. Mogleg trafikk med fe og kanskje stølsbølingar frå Skakadalen i Vang må ha kome ned på austsida i Grøndalsbøtten.



Bilde 46. Utsikt frå knutepunktvarden VP 1474 nordaustover mot Føssegrov.



Bilde 47. Markeringsvarden VP 1480 på veg innover på austsida i Grøndalsbøtten med Skøddetinden, 1669 m o. h., i himmelsyn. Her er det frodige og gode beitemarker.

På nordaustsida av Grøndalsbøttvatnet er det ei meir og mindre deltaliknande flate med mange små utløp til vatnet. Desse er grunne og lette å koma over. Litt oppe i lia mot Føssegrov skaret ligg gjetarhyttene til Filefjell Reinlag. Den nyast bua er frå 1980-talet (Sylfest Laingen, Pers. oppl.), men alt i ei reiseskildring av DNT frå 1935 (DNT Til fots, 1935) blir det fortalt om ei gjetarbu her, så det har vore gjetarhytte her lenge. I tilknytning til fedrifta i Grøndalsbøtten skal det ha vore ei steinbu i dalen, men me veit ikkje kvar (Mehlum, 1905). Steinbua kan ha legge her i tida då Kyrkjevegen var i bruk, men elles har ikkje desse husværa tilknytning til dei gamle vegane.



Bilde 48. Vad over innfallsosen i nordaustenden av Grøndalsbøttvatnet, VP 1485. Fin grus-botten og lett å krysse.

Opp mot skaret kryssar ein fylkesgrensa. Det er bratt, men greitt å gå på grasgrodd mark. Det er spor etter reinsklauver så reinen går tydleg opp her. Nesten på toppen opp mot Føssegrov tjednet ligg det ei reinsgrav som fortel om reinstrekk òg i gamle dagar. Vardevegane kan gå attende til veidetida i jarn- og mellomalder.



Bilde 49. Trekanta steinspir kila mellom to steinar midt i bratta, VP 1493, syner veg opp skaret. Legg merke til det særmerkte fossestryket – føssegrov. Fossane mellom terrassane i elvedalen/grova frå Føssegrov tjednet er sikkert opphavet til namnet til Føssegrov.





Bilde 50. Gammal styringsvarde, VP 1496, på stor stein på toppen av bratthenget opp mot Føssegrov skaret. Sikt sørover Grøndalsbøtten med Hardegge mot vest og Bjørnanøse, 1536 m o. h., mot aust. Åne deler seg i ei stor vifte på flatane ned mot osen der gjetarhyttene ligg lengst mot aust.

Heilt på toppen kjem ein inn i eit område med mykje grov ur. DNT-stigen tek over åne frå Føssegrovttjednet litt nedafor sørre osen i Føssegrovttjednet og går vidare på vestsida av vatnet til knutepunktvarde VP 1532 på Veg 1 (Kap. 5.1). Veg 2 går vidare i ura på austsida av vatnet. Det finst grøne band i den om lag 200 m breie ura, men her kan det ha vore vanskeleg med hestetrafikk. Kanskje har det legge snø her i den tida kyrkjevegen var i bruk. Vel over ura er det fin lei over Føssegrovmarkidn fram til knutepunktvarde VP 41 i sørhellinga mot Høgde 1568. Det er ein bratt kneik opp frå styringsvarde VP 1507 (Bilde 52) til VP 41. Frå VP 41 går det ei varde lei over Føssegrovmarkidn til VP 1532 på Veg 1 (Kap. 5.1).




Bilde 51. Flott styringsvarde, VP 1503, med steinspir som er kila fast mellom to store jordfaste oppstående steinar. Varden ligg på nordsida av ura søraust for Føssegrovttjednet og peikar i retning VP 41 i framkant av Høgde 1568. Storeknippa, 1648 m o. h., heilt til venstre på bildet. Storeknippa er NGO punkt med ein stor og godt synleg toppvarde.



Bilde 52. Styringsvarde, VP 1507, ved i foten av skråninga opp mot VP 41 og Høgde 1568. Bekken frå Langetjedne renn i ura ned mot nordenden av Føssegrovttjednet. Bildet syner at det er lettgått og fint lende når ein kjem over ura i søraustenden av Føssegrovttjednet.

Rett aust for VP 41 står det ein delvis nedrast varde på ein stor stein i ura søraust for Langetjedne, VP 1508. Ei fonn like ved tyder på at snøen ligg lenge her, og kanskje har det vore ei større fonn tidlegare der varden har stokke opp og synt vegen over fonna. Varden markerer krysset til vegen som kjem opp Ljøtebøttadn og går på austsida av det vestre av Langetjedne, 1510 m o. h. (Eltun, 2023). Denne leia var truleg særleg brukt til jakt og fangst då det var eit stort fangstanlegg sør for Ljøtebøttegge (Eltun, 2024), men ho er òg ein aktuell sambandsveg frå Øye til Grøndalsbøtten og Grøndalen.



Bilde 52, venstre. VP 1508 med sikt nordover mot det vestre av Langetjedne med Ljøtebøttegge, 1612 m o. h., mot aust. Bilde 53, høgre. Utsyn nordover leia i Ljøtebøttadn mot Vardhøvdflænadn. Tyin og Urnostinden i synsrande.

Me fortset vidar nordvestover frå VP 41 på Veg 2 (Kart 6, side 30). Det er fin og delvis grønn mark etter leia fram til skaret mellom Storeknippa og Høgde 1588. Her ved VP 44 (Bilde 54) kjem ein inn mot Steinure, ein vid dal som ber namnet sitt med rette, men sørsida og bakkane opp mot Storeknippa der leia går, er ikkje den verste (Bilde 56). Dette er skuggesida, så her kan det ha vore snø/fonn langt ut på sommaren. Snøen ligg lenge her i dag òg. Dette kan ha letta ferdsele med hest.





Bilde 54. VP 44 er ein fint mura varde, ca. 90 cm høg, på ein fjellknaus som ligg på brinken ned mot Steinure. Sikt mot Hurungane i Jotunheimen. Rett under fjellskrenten som varden står på, er det ei reinsgrav med tydelege leiemurar, VP 111 (Eltun, 2024).



Bilde 56. Frå VP 1155 er det god sikt austover leia gjennom Steinure, mot skaret med VP 44 og 48. Bildet syner at det er godt framkomeleg her trass i namnet Steinure.

På ein fjellknaus på vegen ned frå aust finn ein den kanskje mest føreseggjorde varden på heile Veg 2 (VP 48, Bilde 4 og 55).



Bilde 55. Med sine nøye tilpassa steinar i vel 1 m høgd og med siktehol i ferda-retninga og toppstein står VP 48 der som ein skulptur og vegvisar mot leia vidare sørvestover i Steinure fram til Tjedn 1486. I dalbotnen ser ein Steinurdalstjednet, 1430 m o. h., og i synsranda har ein Hurungane i Vest-Jotunheimen.

Rettt før det sørvestre skaret opp mot Tjedn 1486 ved VP 1158 (Bilde 57), tek Veg 3 ned Steinurdalen mot Saltmannvegen aust for Svarteknipa og vidare til Tenlefjorden, Gamlestøga og fram til Kyrkjestølen (Kap. 5.3).



Bilde 57. Varden, VP 1158, er ei lita «perle» som er godt festa til «skjelet». Han markerer krysset mot Veg 3 (Kap. 5.3).


Oppe i skaret heilt sørvest i Steinure ligg eit lite tjedn, Tjedn 1486, som i godvær speglar Sulefjellet, Suletinden og mot nordvest Høgde 1537 (Bilde 58). Varden, VP 51, syner leia som går på sørsida av tjednet og vidare over høgdenene mot dalen som strekker seg frå Øvre Tysketjednet og mellom Høgde 1537 og 1506. Det er grov ur og stein ved vestenden av tjednet, men her kan det ligge snø tidleg på sommaren.






Bilde 58. Markant varde ved søraust enden av Tjedn 1486 med to firkanta steinar som står på ein flat kvadratisk stein, VP 51. På toppen ligg det to mindre steinar. Sikt mot Sulefjellet, 1812 m o. h., og Suletinden, 1780 m o. h., i vest og Høgde 1537 i nordvest.

Frå brinken ned mot dalen der landskapet opnar seg mot Øvre Tysketjednet (Bilde 59) , er det til dels grasgrodde bakkar og lettgått lende heilt fram til nordsida av Høgde 1506. Herifrå ber det bratt ned i kvelven mot Tjedn 1411 i Groven. Veggen held seg i lia sør for tjednet og ein spiss styringsvarde mot vest, VP 1183, (Bilde 60) syner leia fram til eit lite tjedn ved vass-skilje i Groven (Bilde 61). I lia rett vest for bekken kryssar ein den varda leia som går gjennom Groven og ned til Saltmannvegen aust for Svarteknipa (Kap. 5.1).




Bilde 59. Varde, VP 1171, på høgda mot dalen som strekker seg frå Øvre Tysketjednet og nordover til Høgde 1506. Sørre Sul og Sulefjellet i bakgrunnen.





Bilde 60, venstre. Flott styringsvarde, VP 1183, syner leia opp frå den bratte kvelven på sørsida av Tjedn 1411 i Groven til det vesle tjednet ved vass-skilje. Bilde 61, høgre. Tjednet ved vass-skilje i Groven der leia kryssar i utfallsosen.

Frå Groven ber det nordvestover opp lia mot Høgde 1511 (Bilde 62). Vegene vidare over den lettgatte fjellryggen, med flott utsyn mot Vest-Jotunheimen, fjella mot Årdal og nordover på Suleflænadn, er godt merka med markringsvardar heilt fram mot Saltmannvegen på nordaust sida av Tjedn 1311 (Bilde 63). Derifrå følgjer Veg 2 Saltmannvegen til han går saman med Veg 1 ved Tjedn 1327, VP 204. Vidare følgjer vegane kvarandre fram til Kyrkjestølen (Kap. 5.1).



Bilde 62. Utsyn frå Høgde 1511, VP 927, framover Suleflænadn og Gamlestøgfjellet med fjellheimen mot Årdal bak. Trass i 1500 m høgde er det fint å gå over fjellryggen her.





Bilde 63. Markeringsvarde, VP 1189, på stor stein i lia ned mot Tjedn 1311 og Tjedn 1327 ved Sulebu. Saltmannvegen kryssar ved utfallsosen i Tjedn 1311 og går på sørsida av Tjedn 1327.

### **5.3 Veg 3 Steinurdalen: Steinurdalen – Saltmannvegen aust for Svarteknipa – Tenlefjorden – Gamlestøga – Kyrkjestølen**

Vegen om Steinurdalen til Kyrkjestølen er lenger enn Veg 1 og 2 (Kart 6 og 7, side 30 og 33) og er truleg berre unnataksvis brukt som kyrkjeveg. Av di vegen ligg inne på Amstkartet frå 1849 vil ein likevel tru at dette har vore ei sentral lei frå Grøndalen til Filefjell, kanskje almen-vegen mellom Grøndalen, Filefjell og grendene lengst nordvest i Vang. Me vel difor å ta han med her. Leia me har kartlagt stemmer i alle fall rimeleg godt med leia som ligg inne på Amstkartet, og som er omtala i ei reiseskildringa frå DNT i 1924 (DNT Til fots, 1924), Kap. 4.3.

Frå vegskilje mellom veg 2 og 3 aust for Tjedn 1486 (VP 1158) og nedover lia mot vestenden av Steinurdalstjednet (1430 m o. h.) snor leia seg fram på snaue bergkollar og lav-/lyngmark mellom steinurene. Ho er rimeleg godt merka med markeringsvardar.



Bilde 64. «Perlesteinen», VP 1158, som markerer vegskilje mellom Veg 2 og 3 i Steinure.



Bilde 65. Utsyn frå VP 698 nordover mot Steinurdalstjednet og Høgde 1522 heilt nord i Steinure. Utfallsosen i Steinurdalstjednet er i vika heilt mot vest. I vasskanten lengst aust i tjednet ligg det dyregraver (Eltun, 2024).

På ein kolle rett vest for utfallsosen i Steinurdalstjednet er det ein svært iaugefallande styringsvarde på toppen av ein kampestein, VP 78. Steinspiret syner leia nedover dalen. Leia kryssar åne om lag 200 m nordvest for utfallsosen. Her er det greitt å koma over ved normal vassføring. Elles kan ein vasse oppe ved osen.



Bilde 66. Styringsvarden rett vest for utfallsosen i Steinurdalstjednet.

Vidare nordover Steinurdalen går leia på austsida av åne i lett framkomeleg lende med morene og bergknausar. Etter åne er det mange små evjer og høljar og ved ein av desse, VP 116, er det restar etter ei reinsgrav (Eltun, 2024). Vegen har ganske sikkert tent ulike formål gjennom tidene, og jakt og fangst var ein av desse.

Vegen kjem snart til vestenden av eit langt smalt tjedn det Steinurdalen og Groven møtest (Bilde 67). Han kryssar bekken frå Groven og går bratt opp ein skrent der han møter den varda leia gjennom Groven (Kap. 5.1).



Herifrå følgjes reksla gjennom Steinurdalen og Groven åt fram til VP 223 aust for Svartenippa, 1409 m o. h., på Saltmannvegen (Bilde 69).



Bilde 67. Retningsstein, VP 706, fram mot tjednet der Steinurdalen og Groven møtest. Leia frå Groven kjem inn på leia frå Steinurdalen i dalsenkinga rett aust for fonna nord for tjednet.



Bilde 68. Knutepunktvarde på Saltmannvegen, VP 223, med Svarteknipa som retningsvarde.

Frå VP 223 kan ein følgje Saltmannvegen vestover mot Tjedn 1327 ved Sulebu og der koma inn på Veg 1 til Kyrkjestølen, eller ein kan gå vidare vestover etter Saltmannvegen til Smeddalen og Lærdal. Austover går Saltmannvegen mot Skakadalen i Vang. Me skal ta vegen mot Tenlefjorden med mogleg kontakt mot Rødalen i Øye eller Gamlestøga, Nystøga og Kyrkjestølen på Filefjell. Denne leia er beskrive i detalj i Eltun (2023), og synt på Kart 7. Her tek me berre med ei kort omtale av leia. Alle koordinatane for leia er med i vedlegget.

Frå Saltmann vegen går leia ned til sørvest enden av Tenlefjorden, 1168 m o. h., på turre moreneryggar på austsida av åne frå Tjedn 1310 til Tenlefjorden. Ho følgjer på vestsida av fjorden fram til utfallsosen. Her kan ein ta over osen og koma inn på Postvegen/stølsvegen mot Rødalen og Øye. Me fortset på vestsida av Tenla til vadet over åne frå Svarteknipetjednet (VP 212). Derifrå går det to vegar ned til Gamlestøga. Me følgjer vegen etter Tenla og kjem inn att på Postvegen/stølsvegen ved VP 323 lengst søraust i Gamlestøgolie. Her kan ein sjå fram til Nystøga og litt lenger framme til Gamlestøga og Kyrkjestølen, feginsbrekka for pilegrimar til St. Tomaskyrkja (Bilde 69).



Bilde 69. Utsyn mot Nystøga frå lengst søraust i Gamlestøgolie der kyrkjevegen går saman med Postvegen/stølsvegen frå Øye, VP 323.

Når ein kjem ned i bjørkebeltet er vegen i stor grad attgrodd og ikkje lett å finne, men han går fram til tufta etter det ein meiner var fjellstøga/selehuset ved Gamlestøga, VP 74. Tufta ligg rett aust for dei noverande stølane som kom på 1750-talet (Bilde 70). Frå Gamlestøga følgjer leia stølsvegen mot Nystøga fram mot Grøne Glenna der han kryssar DNT-stigen til Sulebu, Reinsbustigen, VP 494. Derifrå går det minst tre alternative vegar vestover mot Kyrkjestølen. Me tek ned til Kilin i sørvest enden av Otrøvatnet, 971 - 966 m o. h., kryssar Skavlegilbekken og går vestover i Nystøgolie på sørsida av myrane fram til Hamarstøllin. Ved VP 488 tek me over myra mot nord forbi tufta etter støle i Hamarstøllin, VP 484. Dette var stølen til Øvre Eltun som vart flytta til Kyrkjestølen i 1775. Derifrå går vegen vidare vestover til han kjem inn på Kongevegen rett etter VP 628 og følgjer denne fram til Kyrkjestølen og St. Tomaskyrkja (Kap. 5.1).



Bilde 70. Sikt mot Gamlestøga frå Børrenøse. Postvegen/stølsvegen går på sørsida av Tenla, til vestre på bildet, fram til den gamle fjellstøga som låg på ein haug litt søraust for den noverande stølen. Vidare går vegen over høgda på vestsida av stølen og sørsida av dalen fram til Kyrkjestølen.



## 6. Kjelder

Amtskart Christians Amt. 1949.

Bjørkum, A. 1986. Soga om Viki og Vikadalen: garden, grendi, ætti. 507 s.

Carlstrøm, S. 1994. Hallingdal. Gravfeltet på Feten. Hovedfagoppgave i nordisk arkeologi, Avdeling nordisk arkeologi, IAKN, Universitetet i Oslo.

Dauidsen, T. M. Den gamle stavkirken. Dreyer. 122 s.

DNT, Til fots, 1924-utgaven, Nr. 270: Nystuen-Grønndalsbotn.

DNT, Til fots, 1935-utgaven, Nr. 225: Tuv- Nystua.

Eltun, Ivar. Pers. oppl. 2024.

Eltun, R. og Finstad, E. 2022. Saltmannvegen over Filefjell. Årbok for Valdres 2022: 171-196.

Eltun, 2022. Rapport frå registrering av game ferdselsvegar/reksler og andre kulturminne på Filefjell, 2019 - 2021. Arkivert i Valdres natur- og kulturpark. 17.02.2022. 114 s.

Eltun, R. 2023. Rapport frå registrering av Saltmannvegen over Filefjell – sørover frå Skadalen og vestover frå Smeddalsosen, samt tilkoplingsvegar, 2019 – 2022. Arkivert i Valdres natur- og kulturpark og Innlandet fylkeskommune. 08.03.2003. 185 s.

Eltun, R. 2024. Kulturminne knytt til jakt og fangst på Filefjell. Årbok for Valdres 2024: 118-139.

Fauske, O., Lirhus, N., Thorset og A. Skrede, I. (red.) 1996. Bygda kring Hemsila – Liv og virke i Hemsedal før og no. Hemsedal Bondelag. 192 s.

Finstad, E. 2022. Befaringsrapport, Vang kommune, Brearkeologisk feltarbeid. Innlandet fylkeskommune, Kulturarv. 27 s.

Flaten, H. 1961. Hemsedal 1814-1914. Hemsedal kommunes forlag. 211 s.

Flaten, H. og Ulsaker, I. H. 1991. Hemsedal og Hemsedøler. Nye Hallingprent. 126 s.

Gjestmoen, O. og Helland, H. 1997. Hemsedal kommune 100 år. Utgjeve av Hemsedal kommune. 101 s.

Grøndalen, Arvid. Pers. oppl. 2024.

Hegg-Lunde, Dagfinn. Pers. rapport om Postvegen frå Maristøga til Gamlestøga og Nystøga på Filefjell.

Hermundstad, K. 1966. St. Tomaskyrkja på Filefjell. St. Tomaskyrkja Bokforlag 1966. 80 s.

Hovda, Tore. Pers. oppl. 2024.

Kattevold, B. 1943. Gammalt frå Vang. A/S Gjengangerens trykkeri. Horten. 222 s.

Laingen, Sylfest. Pers. oppl. 2024.

Lillebrænd, P. 1972. Valdres Bygdebok III Fyrste delen. Valdres Bygdeboks Forlag, Leira, Valdres. 688 s.

Lund, K. T. 1997. Han far. Prestehistorie og bygdeliv i Vang i Valdres. Valdres trykkeri. 406 s.

Medgard, S. 1998. Soga om Eivind Fredlaus. Boksmia forlag. 304 s.

Mehlum, A. 1905. Handelskar John W. Grøndalen. NU No. 35. 10 årgang. Christiania 1905. 7 s.

Myre, T. 1928. Hallingdals historie. J. Steenberg & Co. Boktrykkeri, Drammen. 416 s.

Nystuen, Sigrid. Pers. oppl. 2022.

Opdal, Asgrim. Pers. oppl. 2024.

Rolandsgard, F. 2023. Valdres i vikingtid og mellomalder – Eit organisert samfunn veks fram. 144s.

Sandvik, L. 2003. Hallingdølen. Helgedølen, 11. oktober 2004. S. 24.

Stilloff, A. 1939. Reiseliv før i tiden. DNT Årbok 1939: 23-35.

Sparstad, K. Temaplan for Kulturminne i Vang. Vedteke i Vang formannskap 04/12.2018. Sak 059/18. 184 s.

Sparstad, Katharina. Pers. oppl.

Sørhøy, B. M. og Snerte, K. 2002. Støl og stølsliv i Hemsedal. Hemsedal Historielag og Hemsedal Mållag. 192 s.

Thoresen, A. B. 2012. Pilegrimar og pilegrimsleier i Hallingdal. Dølaminne, Årbok for Hallingdal.

Thorner, J. 1939. St. Thomaskirken på Filefjell. DNT Årbok 1939: 57-64.

Wøllo, Wilhelm. Pers. oppl. 2024

Ødegård Lunde, Jørand. Pers. oppl.